



Bygland kommune

Med hjarta i Bygland

# ÅRSMELDING

2025

## KOMMUNEDIREKTØREN HAR ORDET

Årsmeldinga for 2025 gir eit samla bilete av ein kommune i utvikling, men òg ein kommune som står i krevjande omstillingar og strukturelle utfordringar.

Eg har tiltredd som kommunedirektør i Bygland kommune, og tek over ansvaret for ein organisasjon som dei siste åra har gjennomført viktige grep for å møte framtida. Samstundes er det tydeleg at vi framleis har eit arbeid å gjere for å styrkje kapasitet, robustheit og kvalitet i tenestene våre.

Som kommunedirektør vil eg leggje vekt på gjennomføringsevne, tydelege prioriteringar og ein organisasjon som tek ansvar for heilskapen i tenestene vi leverer.

Året har vore prega av både framgang og utfordringar. På den eine sida har kommunen levert eit positivt driftsresultat og ligg over det tilrådde nivået for netto driftsresultat. Dette gir eit viktig økonomisk handlingsrom. Samstundes ser vi at resultata i stor grad er påverka av ekstraordinære inntekter, og at utviklinga framover vil krevje strammare prioriteringar og tydeleg økonomisk styring.

Organisatorisk har kommunen vore gjennom omfattande endringar dei siste åra, med ny struktur og nye samarbeidsformer på tvers av fagområde. Dette arbeidet er nødvendig for å møte auka krav og kompleksitet, men det tek tid å hente ut gevinstane. Det er difor avgjerande at organisasjonen får stabilitet og rom til å utvikle gode arbeidsformer vidare.

Samstundes er det ei tydeleg utfordring knytt til rekruttering og sårbarheit i små fagmiljø. Dette gjeld særleg innan helse, oppvekst og sentrale stabsfunksjonar. For å møte dette må vi i større grad utvikle samarbeid på tvers av kommunegrenser og sikre meir robuste fagmiljø. Dette vil vere ein viktig del av arbeidet framover. Ein har gjennom store deler av 2025 mangla sentrale funksjonar i kommunens leiling, men rekruttering gjennom året har ført fram og ein går inn i 2026 med alle leiarar i organisasjonen på plass.

Trass i utfordringane er det mykje å vere stolt av. Medarbeidarane våre viser stort engasjement og høg fagleg innsats kvar dag. Det er dei tilsette som er kommunen sin viktigaste ressurs.

Det er òg positivt å sjå utviklingsarbeid som no er sett i gang, mellom anna gjennom omstillingsprogrammet Bygg Bygland. Dette gir kommunen nye moglegheiter til å styrkje næringsliv, busetnad og framtidig vekst. Arbeidet med integrering av flyktingar er eit anna område der kommunen har lukkast godt, og som viser kva vi kan få til gjennom målretta innsats og samarbeid.

Det bør òg nemnast at arbeidet med integrering av flyktingar har vore eit prioritert område i kommunen. Det er sett i verk tiltak for å gi arbeidserfaring og språkpraksis gjennom deltaking i den kommunale organisasjonen. Samstundes viser erfaringane at dette er eit område der vi framleis har utfordringar. Utgiftene til økonomisk sosialhjelp har vore høgare enn budsjettert, og det er behov for å vidareutvikle tiltak som i større grad fører til varig tilknytning til arbeidslivet.

Framover vil det vere nødvendig med tydelege prioriteringar. Vi må arbeide systematisk med økonomisk berekraft, vidareutvikle organisasjonen og styrkje samarbeidet både internt og eksternt. Dette krev eit tett og godt samspel mellom administrasjon og politisk nivå.

Eg vil takke alle tilsette, leiarar og folkevalde for innsatsen i året som har gått. Det er gjennom felles innsats vi kan utvikle kommunen vidare og sikre gode tenester til innbyggjarane våre – også i åra som kjem.

Simon Ellingsberg  
Kommunedirektør

## INNHALD

<b>DEL 1 – ÅRSMELDING 2025</b>	<b>5</b>
<b>1 Økonomisk oversikt etter art – drift</b>	<b>6</b>
1.1 Netto driftsresultat	7
1.2 Rekneskapsmessig resultat i høve budsjett	7
<b>2 Bevillingsoversikt drift</b>	<b>9</b>
2.1 Generelle (frie) driftsinntekter	10
2.2 Finansinntekter og -utgifter	10
2.3 Disponering av netto driftsresultat	11
<b>3 Bevillingsoversikt drift, til fordeling</b>	<b>12</b>
3.1 Overordna kommentar	13
3.2 Politisk styring og kontroll	13
3.3 Stab og fellesutgifter	13
3.4 Oppvekst og kultur	15
3.5 Helse og omsorg	17
3.6 Samfunn	19
3.7 Eksterne samarbeid	23
3.8 Andre sentrale inntekter og kostnader	24
<b>4 Bevillingsoversikt investering</b>	<b>25</b>
4.1 Investeringsutgifter	25
4.2 Investeringsinntekter	25
4.3 Vidareutlån	26
<b>5 Bevillingsoversikt investering, til fordeling</b>	<b>27</b>
5.1 Kommentarer til kvart prosjekt	28
<b>6 Balanserekneskap</b>	<b>31</b>
6.1 Omløpsmidlar	31
6.2 Anleggsmidlar	31
6.3 Kortsiktig gjeld	32
6.4 Langsiktig gjeld	32
6.5 Eigenkapital	33
<b>7 KOSTRA: Finansielle nøkkeltal, analyse og prognose</b>	<b>34</b>
7.1 Ein kort analyse av dei finansielle nøkkeltala	34
7.2 Utvikling i dei finansielle nøkkeltala 2021-2025	35
7.3 Utvikling i utvalte finansielle nøkkeltal 2025-2029 (prognose)	36
<b>8 Det kommunale næringsfondet</b>	<b>37</b>
<b>9 Organisering, likestilling og personale</b>	<b>38</b>
9.1 Organisering og overordna mål	38
9.2 Sjukefråvær	39
9.3 Forhandlingar	39
9.4 Likestilling, diskriminering og mangfald	39
9.5 Medarbeidarundersøking 2025	40
<b>10 Interkommunale samarbeid</b>	<b>41</b>

10.1	Jordmor	41
10.2	Vassdragsstyre øvre Otra	41
10.3	Vassområdekoordinator for Otra	41
10.4	Skogbrukstenester	41
<b>11</b>	<b>Etisk standard og internkontroll</b>	<b>42</b>
11.1	Generelt	42
11.2	Tilsyn i løpet av året	42
<b>12</b>	<b>Befolkningsutvikling</b>	<b>43</b>
12.1	Folketal etter grunnkrets for åra 2000 og 2017-2026	43
12.2	Befolkningsprofil	43
<b>13</b>	<b>KOSTRA: Andre nøkkeltal</b>	<b>44</b>
13.1	Nøkkeltal oppvekstsektoren	44
13.2	Nøkkeltal helse- og omsorgstenester	45
	<b>DEL 2 – OPPFØLGING AV HANDLINGSDEL PER KOMMUNALOMRÅDE 2025-2028</b>	<b>46</b>
<b>1</b>	<b>Innleiing</b>	<b>46</b>
<b>2</b>	<b>Kommunalområde: Organisasjon og HR</b>	<b>47</b>
<b>3</b>	<b>Kommunalområde: Økonomi</b>	<b>50</b>
<b>4</b>	<b>Kommunalområde: Oppvekst og kultur</b>	<b>51</b>
<b>5</b>	<b>Kommunalområde: Helse og omsorg</b>	<b>57</b>
<b>6</b>	<b>Kommunalområde: Samfunn</b>	<b>59</b>

## **DEL 1 – ÅRSMELDING 2025**

*Årsmeldinga er utarbeida i tråd med § 14-7 i kommunelova, og gir ein kort presentasjon av kommunen sine økonomiske nøkkeltal og ei analyse av kommunen si finansielle stilling ved årsskiftet. I delkapittel 1.1 vert mellom anna kommunen sitt rekneskapsmessige resultat kommentert. Delkapittel 1.2 til 1.5 tek sikte på å kommentere og grunngje dei mest vesentlege budsjettavvika i drifts- og investeringsrekneskapen, medan 1.6 tek for seg kommunen sine eigendeler, eigenkapital og gjeld. For innhald elles, viser ein til innhaldslista ovanfor.*



## 1 Økonomisk oversikt etter art – drift

	Note	Rekneskap 2025	Regulert budsjett '25	Opphavelg budsjett '25	Rekneskap 2024
1		-76 516 266	-77 579 000	-76 929 000	-73 971 974
2		-39 574 374	-37 291 000	-38 141 000	-34 656 032
3		-10 251 382	-10 270 000	-10 270 000	-10 589 302
4		-7 270 407	-7 800 000	-7 400 000	-7 847 591
5		-8 592 751	-11 796 000	-10 896 000	-11 580 347
6		-50 567 599	-32 325 000	-31 550 000	-44 898 012
7		-3 405 491	-3 190 000	-3 190 000	-4 116 200
8		-17 603 321	-16 502 000	-16 072 000	-16 469 437
<b>9</b>		<b>-213 781 592</b>	<b>-196 753 000</b>	<b>-194 448 000</b>	<b>-204 128 896</b>
10		107 981 846	104 657 000	103 395 000	105 044 170
11		27 560 337	23 288 000	23 389 000	25 074 600
12		67 746 793	59 508 000	59 064 000	65 500 535
13		15 148 287	10 253 000	9 953 000	13 369 223
14	4	9 830 745	9 300 000	9 300 000	9 839 412
<b>15</b>		<b>228 268 007</b>	<b>207 006 000</b>	<b>205 101 000</b>	<b>218 827 940</b>
<b>16</b>		<b>14 486 416</b>	<b>10 253 000</b>	<b>10 653 000</b>	<b>14 699 044</b>
17		-4 594 137	-3 600 000	-2 530 000	-3 707 407
18		-18 274 540	-18 201 000	-18 035 000	-20 721 177
19		0	0	0	0
20		7 504 765	7 477 000	6 007 000	7 267 329
21	7	6 254 015	6 190 000	6 190 000	6 506 281
<b>22</b>		<b>-9 109 897</b>	<b>-8 134 000</b>	<b>-8 368 000</b>	<b>-10 654 975</b>
23		-9 830 745	-9 300 000	-9 300 000	-9 839 412
<b>24</b>		<b>-4 454 226</b>	<b>-7 181 000</b>	<b>-7 015 000</b>	<b>-5 795 343</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>					
25		0	0	0	0
26	10	6 397 559	4 600 000	4 200 000	5 396 796
27	10	-5 300 869	-5 545 000	-5 045 000	-6 043 715
28		3 357 536	9 788 000	9 522 000	6 442 263
29		0	-1 662 000	-1 662 000	0
30		0	0	0	0
<b>31</b>		<b>4 454 226</b>	<b>7 181 000</b>	<b>7 015 000</b>	<b>5 795 343</b>
<b>32</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)</b>					

### 1.1 Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er det same som rekneskapsmessig mindreforbruk *før* disponeringar av både ubundne og bundne fond. Netto driftsresultat er kr 4.454.226, tilsvarande 2,1 % av brutto driftsinntekter. Statleg tilråding, som også er det lokalt vedtekte målalet, er at dette talet burde vere kr 3.741.177, tilsvarande 1,75 %, som vil seie at kommunen ligg over anbefalt nivå i 2025. Med unntak av 2023 og 2024, har kommunen dei siste åra hatt resultat under 1,75 %, og i tillegg eit betydeleg negativt resultat i 2019, så dei gode resultatata i spesielt 2023, men også 2024 og 2025, er med på å vege opp for dei åra kor kommunen har hatt dårlegare økonomiske resultat enn anbefalt.

### 1.2 Rekneskapsmessig resultat i høve budsjett

Rekneskapen syner eit rekneskapsmessig meirforbruk i høve budsjett på kr 4.768.464. Dette talet kjem fram etter det er gjennomført *strykningar* (reduert avsetning til disposisjonsfond), jf. § 4-2 i økonomiforskrifta til kommunelova, som lyder som følger (utdrag):

**§ 4-2. Strykningar av egenkapitaldisposisjoner og bruk av disposisjonsfond ved merforbruk i driftsregnskapet**  
*Hvis driftsregnskapet viser et merforbruk etter at disposisjonene i § 4-1 første ledd er gjennomført, skal merforbruket reduseres så mye som mulig ved å*

- a. *stryke overføring til investering*
  - b. *stryke avsetning til disposisjonsfond*
  - c. *stryke inndekning av tidligere års merforbruk.*
- (...)

Berre bokstav første avsnitt, bokstav b, i § 4-2 er relevant for rekneskapen for 2025. Formuleringa i bokstav b betyr at budsjettert avsetning til disposisjonsfond, også øyremarka disposisjonsfond, skal strykast. I 2025 ville kommunen lagt opp til ei avsetning til disposisjonsfond på kr 9.788.000, *viss* ein ikkje hadde fått eit meirforbruk. Då følgjer det av første avsnitt, bokstav b, i § 4-2 (ovanfor) at «merforbruket [skal] reduseres så mye som mulig ved å stryke avsetning til disposisjonsfond». Dette inneberer at budsjettert nettoavsetning til flyktningefond, pensjonsfond og ordinært disposisjonsfond blir redusert med totalt kr 4.768.464.

Den største årsaka til meirforbruket er at inntektene frå integreringstilskot var feilbudsjetterte og utgiftene blei høgare enn budsjettert grunna tilsetning av flyktningar i kommunen («Narvik-modellen»), som blei bestemt etter budsjettet var ferdig. Samla blei netto avsetning til flyktningefondet kr 4.457.729 lågare enn budsjettert. I tillegg så blei nettoavsetninga til pensjonsfondet kr 3.105.000 lågare enn budsjettert grunna høg bruk av premiefond som gjorde at premieavviket blei negativt (utgift) i staden for positivt (inntekt). Til gjengjeld blei netto avsetning til ordinært disposisjonsfond kr 2.741.565 høgare enn budsjettert, og bruk av bygdebokfond blei kr 82.846 lågare enn budsjettert.

Samla netto avsetning til disposisjonsfond blei på kr 3.357.536.

Ein vil og påpeke at kommunen sine budsjettområde (Politisk styring og kontroll, Stab og fellesutgifter, Oppvekst og kultur, Helse og omsorg og Samfunn) elles har hatt god budsjett disiplin i 2025. Det største budsjettavviket i negativ forstand ligg innanfor flyktningområdet grunna feilbudsjettering av inntekter og utgifter, som nemnt, men dette er eit område som blir budsjettert som eit 0-budsjett i kommunen sin rekneskap, sidan nettoinntekt blir sett av til flyktningfond og nettoutgift blir dekt av flyktningfond. Feilbudsjetteringa fører likevel til eit budsjettavvik (meirforbruk) i høve § 5-9-oppstillinga i rekneskapen.

Det må og leggjast til at kommunen framleis har store økonomiske utfordringar på barnevernsområdet, kor det blei eit meirforbruk i høve budsjett på nesten 2,6 mill., og samla utgifter på dryge 11 mill. Dette gjer at kommunen har tredje høgast barnevernsutgifter per innbyggjar av alle kommunane i Noreg.

### **Lågare utgiftsvekst, stabilt høge inntekter**

Samla inntekter inkl. renteinntekter og utbytte var på nesten 237 mill. i 2025. Tilsvarende tal for 2024 var snaue 229 mill., medan i 2022 var det berre 194 mill., som var eit meir «normalt» år med omsyn til nivået på inntektene. I 2021, som var eit låginntektsår, var samla inntekter 166 mill. Kommunen sine totale inntekter har med andre ord variert med eit intervall på 72 mill. berre frå 2021 til 2023. Det svarar til ei auke på 43 prosent. I same periode (2021 til 2023) er den overordna kostnadsveksten i kommunal sektor (deflator) på 14 prosent.

Samla utgifter inkl. renteutgifter (ekskl. avskrivningar og avdragsutgifter, sidan det i 2022 og 2023 blei betalt meir i avdrag enn minimumsavdrag, som gjer at desse åra ikkje kan direkte samanliknast med 2024) var 159 mill. i 2021, 184 mill. i 2022, 206 mill. i 2023, 217 mill. i 2024 og 226 mill. i 2025. Utgiftene auka med nesten 37 prosent frå 2021 til 2024. Ordinær kostnadsvekst i kommunal sektor i same periode (2021 til 2024) var på 19 prosent. Kommunen har med andre ord hatt ei utgiftsauke som er 18 prosent høgare enn «normalen» i denne perioden. Kommunen sine lønnsutgifter har i same periode auka med 27 %, medan lønnsveksten var tilnærma lik kostnadsveksten, på dryge 19 prosent. Kommunen har hatt 8 prosentpoeng høgare lønnsvekst frå 2021 til 2024 enn «normalen» i kommunal sektor. Frå 2024 til 2025 har samla utgiftsvekst vore 4,1 %, som er ei meir normal auke, med tanke på at deflatoren (kommunal kostnadsindeks bestående av lønns- og prisvekst) var 3,9 %. Om ein justerer for auka knytt til Bygg Bygland, som uansett er finansiert av eksterne midlar, blir auka om lag 3 %.

### **Lågare positivt netto driftsresultat (overskot) enn budsjettert**

Som nemnt i avsnittet om netto driftsresultat, har kommunen eit positivt netto driftsresultat (overskot) på nesten 4,5 mill. Det var budsjettert med eit positivt netto driftsresultat på 7,2 mill. i regulert budsjett. Faktisk netto driftsresultat har med andre ord blitt om lag 2,7 mill. lågare (verre) enn budsjettert. Den største årsaka til dette er feilbudsjettering av integreringstilskot, kor inntektene blei dryge 2,1 mill. lågare enn budsjettert, og at utgiftene innanfor flyktingområdet blei rundt 2,7 mill. høgare enn budsjettert. Det har vore høgare utgifter til økonomisk sosialhjelp enn budsjettert (totale utgifter her var nærmare 1,25 mill. i 2025) og lønnsutgifter til flykningar tilsett i kommunen etter «Narvik-modellen», var ikkje budsjettert for. Dette utgjorde rundt 1,2 mill.

Mot slutten av året blei det utbetalt rundt 2,7 mill. i ekstraintekter frå konsesjonskraft. Dette var ikkje budsjettert for, og bidrog til å forbetre netto driftsresultat tilsvarende denne summen. I tillegg så har det blitt gjort ein korreksjon knytte til sjukelønnsrefusjonar som utgjorde 1,1 mill. i innteksreduksjon. Dette er nemnt særskilt i note 19 i rekneskapsdokumentet, som er nota som skildrar verknaden av korrigerer av tidlegare års feil.

Utover dette viser ein til dei kommentarane som er gjort under rekneskapskjema:

- § 5-4, 1 Bevillingsoversikt drift, delkapittel 1.2
- § 5.4, 2 Bevillingsoversikt drift, til fordeling (budsjettområder), delkapittel 1.3
- § 5-5, 1 Bevillingsoversikt investering, delkapittel 1.4
- § 5-5, 2 Bevillingsoversikt investering, til fordeling (investeringsprosjekt), delkapittel 1.5
- § 5-6, Økonomisk oversikt drift, delkapittel 1.1
- § 5-8, Balanserekneskapen, delkapittel 1.6

Paragrafane viser til økonomiforskrifta til kommunelova.

## 2 Bevilingsoversikt drift

	Note	Rekneskap 2025	Regulert budsjett '25	Opphavelig budsjett '25	Rekneskap 2024
1 Rammetilskot		-76 516 266	-77 579 000	-76 929 000	-73 971 974
2 Inntekts- og formuesskatt		-39 574 374	-37 291 000	-38 141 000	-34 656 032
3 Eigedomsskatt		-10 251 382	-10 270 000	-10 270 000	-10 589 302
4 Andre generelle driftsinntekter		-7 588 784	-8 100 000	-7 700 000	-8 188 905
<b>5 Sum generelle driftsinntekter</b>		<b>-133 930 806</b>	<b>-133 240 000</b>	<b>-133 040 000</b>	<b>-127 406 213</b>
6 Sum bevilningar drift, netto		138 495 930	134 193 000	134 393 000	132 152 698
7 Avskrivningar	4	9 830 745	9 300 000	9 300 000	9 839 412
<b>8 Sum netto driftsutgifter</b>		<b>148 326 675</b>	<b>143 493 000</b>	<b>143 693 000</b>	<b>141 992 110</b>
<b>9 Brutto driftsresultat</b>		<b>14 395 869</b>	<b>10 253 000</b>	<b>10 653 000</b>	<b>14 585 897</b>
10 Renteinntekter		-4 499 313	-3 600 000	-2 530 000	-3 576 358
11 Utbytte		-18 274 540	-18 201 000	-18 035 000	-20 721 177
12 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar		0	0	0	0
13 Renteutgifter		7 500 488	7 477 000	6 007 000	7 249 426
14 Avdrag på lån	7	6 254 015	6 190 000	6 190 000	6 506 281
<b>15 Netto finansutgifter</b>		<b>-9 019 350</b>	<b>-8 134 000</b>	<b>-8 368 000</b>	<b>-10 541 828</b>
16 Motpost avskrivningar		-9 830 745	-9 300 000	-9 300 000	-9 839 412
<b>17 Netto driftsresultat</b>		<b>-4 454 226</b>	<b>-7 181 000</b>	<b>-7 015 000</b>	<b>-5 795 343</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>					
18 Overføring til investering		0	0	0	0
19 Avsetningar til bundne driftsfond	10	6 397 559	4 600 000	4 200 000	5 396 796
20 Bruk av bundne driftsfond	10	-5 300 869	-5 545 000	-5 045 000	-6 043 715
21 Avsetningar til disposisjonsfond		3 357 536	9 788 000	9 522 000	6 442 263
22 Bruk av disposisjonsfond		0	-1 662 000	-1 662 000	0
23 Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0
<b>24 Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat</b>		<b>4 454 226</b>	<b>7 181 000</b>	<b>7 015 000</b>	<b>5 795 343</b>
<b>25 Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## 2.1 Generelle (frie) driftsinntekter

For å vise dette er dei ulike inntektene ført opp med budsjett for 2024 og rekneskapstal for 2024 og 2023.

	Note	Rekneskap 2025	Regulert budsjett '25	Opphavelg budsjett '25	Rekneskap 2024
1 Rammetilskot		-76 516 266	-77 579 000	-76 929 000	-73 971 974
2 Inntekts- og formuesskatt		-39 574 374	-37 291 000	-38 141 000	-34 656 032
3 Eigedomsskatt		-10 251 382	-10 270 000	-10 270 000	-10 589 302
4 Andre generelle driftsinntekter		-7 588 784	-8 100 000	-7 700 000	-8 188 905
<b>5 Sum generelle driftsinntekter</b>		<b>-133 930 806</b>	<b>-133 240 000</b>	<b>-133 040 000</b>	<b>-127 406 213</b>

Summen av frie inntekter er budsjettert med kr 133.240.000. Rekneskapen viser at desse inntektene blei kr 133.930.806, altså 0,52 % meir enn budsjettert og 5,12 % meir enn i 2024. Kommunen bruker KS sin prognosemodell som beste estimat for rammetilskot og inntekts- og formuesskatten. Siste estimering blei gjort i september og viss det skjer store endringar i premissane for modellen den siste perioden av året, for eksempel ved at skatteveksten tar seg betydeleg opp samanlikna med tidlegare i året, kan det bli budsjettavvik.

Eigedomsskatteinntektene er som budsjettert. Under «andre direkte eller indirekte skattar» inngår konsesjonsavgiftene, som i sin heilskap blir sett av til næringsfondet, og naturressursskatten, som er ein del av inntektsutjamninga saman med dei ordinære skatteinntektene. Desse inntektene blei litt lågare enn dei budsjetterte tala. Totalt sett så kan ein slå fast at generelle driftsinntekter blei rundt 0,7 mill. høgare enn budsjettert.

## 2.2 Finansinntekter og -utgifter

	Note	Rekneskap 2025	Regulert budsjett '25	Opphavelg budsjett '25	Rekneskap 2024
10 Renteinntekter		-4 499 313	-3 600 000	-2 530 000	-3 576 358
11 Utbytte		-18 274 540	-18 201 000	-18 035 000	-20 721 177
12 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar		0	0	0	0
13 Renteutgifter		7 500 488	7 477 000	6 007 000	7 249 426
14 Avdrag på lån	7	6 254 015	6 190 000	6 190 000	6 506 281
<b>15 Netto finansutgifter/-inntekter</b>		<b>-9 019 350</b>	<b>-8 134 000</b>	<b>-8 368 000</b>	<b>-10 541 828</b>

Netto finansutgifter (positivt forteikn i tabellen over indikerer utgift, negativt er lik inntekt) blei på 110,88 % av dei budsjetterte tala. Renteinntektene blei nesten 25 %, tilnærma 900.000, høgare enn budsjettert, og er den einaste posten ovanfor som har større budsjettavvik. Dette skuldast «forsiktig» budsjettering, betydeleg auke i likvide midlar i løpet av året, og at kommunen ikkje har noko godt prognoseverktøy på renteinntekter. Utbytte inkluderer utbytte frå Å Energi (kr 18.035.000) og Setesdal Bilruter (kr 167.000), samt kundeutbytte frå Sparebanken Norge (kr 10.000) og Gjensidige Forsikring (kr 63.000). Auka i renteutgifter er i stor grad relatert til auke i opptak av startlån i løpet av året, men grunna få søknadar blei ein del av låna som blei teke opp i løpet av året, tilbakebetalt som ekstraordinære avdrag på slutten av året.

## 2.3 Disponering av netto driftsresultat

	Note	Rekneskap 2025	Regulert budsjett '25	Opphavelig budsjett '25	Rekneskap 2024
18 Overføring til investering		0	0	0	0
19 Avsetningar til bundne driftsfond	10	6 397 559	4 600 000	4 200 000	5 396 796
20 Bruk av bundne driftsfond	10	-5 300 869	-5 545 000	-5 045 000	-6 043 715
21 Avsetningar til disposisjonsfond		5 019 536	9 788 000	9 522 000	6 442 263
22 Bruk av disposisjonsfond		-1 662 000	-1 662 000	-1 662 000	0
23 Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0
<b>Sum disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>		<b>4 454 226</b>	<b>7 181 000</b>	<b>7 015 000</b>	<b>5 795 343</b>

Negativt beløp i tabellen indikerer netto bruk av fond, medan positivt beløp er lik avsetning til fond. Budsjettavviket på avsetning til disposisjonsfond skuldast primært at budsjettert avsetning til pensjonsfondet på 3,1 mill. ikkje blei noko av, grunna premieavvik som blei negativt i staden for positivt, og den tidlegare nemnte reduserte avsetninga til flyktningefondet, som blei på dryge 3,7 mill. lågare enn budsjettert.

Avsetning til bundne driftsfond er betydeleg høgare enn budsjettert, primært grunna diverse øyremerka midlar kommunen har fått i løpet av året som ikkje har blitt bruka opp innan årsslutt. Renteinntektene frå næringsfondet blir i sin heilskap sett av til næringsfondet, og dette utgjorde over 0,9 mill. i 2025. Samla avsetning til næringsfondet utgjorde dryge 4,7 mill., medan det var budsjettert med 4,6 mill., så her har ein treft relativt godt. Bruk av bundne fond var på rundt 5,3 mill., som er nesten kr 250.000 lågare enn budsjettert, så her er det ingen vesentlege avvik å rapportere om.



### 3 Bevillingsoversikt drift, til fordeling

Tabellen under viser rekneskap og budsjett per driftseining (budsjettområde).

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett '25	Opphavelg budsjett '25	Rekneskap 2024
<b>Bevilling drift, netto budsjettområde 10 Politisk styring og kontroll</b>	<b>3 090 701</b>	<b>3 261 000</b>	<b>3 261 000</b>	<b>2 982 834</b>
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
<b>Sum budsjettområde 10 Politisk styring og kontroll</b>	<b>3 090 701</b>	<b>3 261 000</b>	<b>3 261 000</b>	<b>2 982 834</b>
<b>Bevilling drift, netto budsjettområde 20 Stab og fellesutgifter</b>	<b>13 272 496</b>	<b>13 444 000</b>	<b>13 260 000</b>	<b>15 875 533</b>
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	76 000	-50 000	-50 000	-1 078 044
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
<b>Sum budsjettområde 20 Stab og fellesutgifter</b>	<b>13 348 496</b>	<b>13 394 000</b>	<b>13 210 000</b>	<b>14 797 489</b>
<b>Bevilling drift, netto budsjettområde 30 Oppvekst</b>	<b>42 468 424</b>	<b>43 641 000</b>	<b>42 864 000</b>	<b>38 926 061</b>
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	288 027			72 263
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-765 758	-1 142 000	-1 142 000	-524 000
<b>Sum budsjettområde 30 Oppvekst</b>	<b>41 990 693</b>	<b>42 499 000</b>	<b>41 722 000</b>	<b>38 474 324</b>
<b>Bevilling drift, netto budsjettområde 33 Helse og omsorg</b>	<b>47 807 086</b>	<b>44 143 000</b>	<b>41 846 000</b>	<b>45 276 401</b>
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-53 494			13 894
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	1 473 028	6 337 000	6 337 000	3 695 674
<b>Sum budsjettområde 33 Helse og omsorg</b>	<b>49 226 620</b>	<b>50 480 000</b>	<b>48 183 000</b>	<b>48 985 969</b>
<b>Bevilling drift, netto budsjettområde 35 Samfunn</b>	<b>24 216 372</b>	<b>25 652 000</b>	<b>27 910 000</b>	<b>27 874 632</b>
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	552 398	-495 000	-495 000	-208 179
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-417 154	-500 000	-500 000	-34 698
<b>Sum budsjettområde 35 Samfunn</b>	<b>24 351 617</b>	<b>24 657 000</b>	<b>26 915 000</b>	<b>27 631 755</b>
<b>Bevilling drift, netto budsjettområde 80 Eksterne samarbeid</b>	<b>30 149 221</b>	<b>28 946 000</b>	<b>28 046 000</b>	<b>27 339 625</b>
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	183 092	-300 000	-300 000	-61 226
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond				
<b>Sum budsjettområde 80 Eksterne samarbeid</b>	<b>30 332 314</b>	<b>28 646 000</b>	<b>27 746 000</b>	<b>27 278 400</b>
<b>Bevilling drift, netto budsjettomr. 90 Andre sentrale innt. og kostn.</b>	<b>-22 508 370</b>	<b>-24 894 000</b>	<b>-22 794 000</b>	<b>-26 122 389</b>
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				-73 000
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	2 308 742	3 105 000	3 105 000	979 291
<b>Sum budsjettområde 90 Andre sentrale inntekter og kostnader</b>	<b>-20 199 627</b>	<b>-21 789 000</b>	<b>-19 689 000</b>	<b>-25 216 097</b>
<b>Sum bevillingar drift netto</b>	<b>138 495 930</b>	<b>134 193 000</b>	<b>134 393 000</b>	<b>132 152 698</b>
Sum overføring til investering	0	0	0	0
Sum netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	1 046 024	-845 000	-845 000	-1 334 292
Sum netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	2 598 859	7 800 000	7 800 000	4 116 267
<b>Sum budsjettområda</b>	<b>142 140 813</b>	<b>141 148 000</b>	<b>141 348 000</b>	<b>134 934 673</b>

### 3.1 Overordna kommentar

Oversikta over er tatt frå avstemmingssystemet som vert nytta i samband med avslutning av rekneskapen og viser avvik mellom budsjett og rekneskap per eining. Einingane har styrt etter budsjettala «Sum budsjettområde» gjennom året, men ein er og pliktig å rapportere på talet «Bevilling drift, netto».

Budsjettområda 10 til 35 har samla sett eit forbruk på 99,35 % av budsjett. Det er budsjettområde 80 og 90 som bidreg til at kommunen har eit meirforbruk på 5,34 % på «Sum budsjettområda». Kommenterar til dei enkelte budsjettområda følgjer i dei neste avsnitta. Ein gjer også merksam på at nokre av budsjettområda har blitt betydeleg justert i løpet av året, både oppover og nedover. Desse endringane har blitt kommentert i tertialrapportane, og vil ikkje bli kommentert ytterlegare i årsmeldinga.

### 3.2 Politisk styring og kontroll

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2024	Forbr. % 2025
<b>Sum budsjettområde 10 Politisk styring og kontroll</b>	<b>3 090 701</b>	<b>3 261 000</b>	<b>3 261 000</b>	<b>2 982 834</b>	<b>94,78 %</b>

Budsjettområdet har eit relativt stort mindreforbruk på 5,22 %, men budsjettområdet er såpass lite at eit lite beløp i mindreforbruk kan utgjere ein ganske stor del av totalbudsjettet. Auka i utgifter frå 2024 til 2025 gjeld for det meste utgifter til gjennomføring av stortingsvalet.

KOSTRA-tala viser at kommunen sine driftsutgifter per innbyggjar til politisk styring var fjerde høgast blant kommunane i Agder i 2025, bak Bykle, Åseral og Sirdal. Kommunen brukar 2,0 % av sine totale utgifter til politisk styring. Dette er tredje høgast i Agder, bak Bykle og Åseral.

### 3.3 Stab og fellesutgifter

#### **Stab og fellesutgifter - overordna**

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2024	Forbr. % 2025
Sum lønnsutgifter inkl. sjukelønnsrefusjonar	10 498 297	10 668 000	10 484 000	10 946 752	<b>98,41 %</b>
Sum andre driftsutgifter	6 782 787	4 147 000	4 147 000	5 176 961	<b>163,56 %</b>
Sum driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar	-3 932 587	-1 421 000	-1 421 000	-1 326 224	<b>276,75 %</b>
<b>Sum budsjettområde 20 Stab og fellesutgifter</b>	<b>13 348 496</b>	<b>13 394 000</b>	<b>13 210 000</b>	<b>14 797 489</b>	<b>99,66 %</b>

Lønn inkludert sjukelønnsrefusjonar: Lønnsutgiftene for Stab og fellesutgifter viser eit mindreforbruk på om lag 170 000 kroner. Dette kjem i hovudsak av lågare lønnsutbetalingar enn budsjettet gjennom året, kombinert med høgare refusjonsinntekter knytt til sjukefråvær enn venta. Mindreforbruket bidreg positivt til totalresultatet og dempar utslag frå andre deler av drifta.

Andre driftsutgifter: Dei andre driftsutgiftene har eit betydeleg meirforbruk på 2 636 000 kroner. Overskridinga kjem først og fremst av at ein ikkje detaljbudsjetterer Bygg Bygland. Her ligg det store utgifter som blir dekt inn av tilsvarande auke i inntekter. Om ein ser bort frå Bygg Bygland, er det likevel ei overskriding under andre driftsutgifter på om lag kr 240.000. Det meste av dette skuldast kjøp av tenester frå andre kommunar i samband med vakansar, samt konsulenttenester til rekruttering av ny kommunedirektør.

Driftsinntekter ekskludert sjukelønnsrefusjonar: Driftsinntektene ligg 2 512 000 kroner over budsjett. Ser ein bort frå Bygg Bygland, ligg inntektene betydeleg nærmare budsjett.

## Sjukefråvær

Fråværstyper	Korttidsfråvær	Langtidsfråvær
Stab	1,42 %	6,53 %

## Organisasjon og HR

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2024	Forbr. % 2025
Sum lønnsutgifter inkl. sjukelønnsrefusjonar	2 385 410	1 725 000	1 541 000	1 589 273	138,28 %
Sum andre driftsutgifter	452 813	150 000	150 000	351 599	301,88 %
Sum driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar	-76 942				
<b>Sum Organisasjon og HR</b>	<b>2 761 281</b>	<b>1 875 000</b>	<b>1 691 000</b>	<b>1 940 872</b>	<b>147,27 %</b>

## Økonomi

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2024	Forbr. % 2025
Sum lønnsutgifter inkl. sjukelønnsrefusjonar	4 867 436	5 909 000	5 909 000	5 364 691	82,37 %
Sum andre driftsutgifter	283 375	216 000	216 000	363 950	131,19 %
Sum driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar	-6 829	-80 000	-80 000	-91 196	8,54 %
<b>Sum Økonomi/Økonomi og adm.</b>	<b>5 143 982</b>	<b>6 045 000</b>	<b>6 045 000</b>	<b>5 637 445</b>	<b>85,09 %</b>

Organisasjon og HR og Økonomi var organisert annleis fram til 31.03.25. Frå 01.04.25 blei 3,6 årsverk flytta frå dåverande Økonomi og administrasjon til Organisasjon og HR. Budsjetta ovanfor berer preg av at ein ikkje har fått justert budsjettet skikkeleg etter omorganiseringa, så desse to kommunalområda blir difor kommentert samla.

Lønnsutgiftene for Organisasjon og HR og Økonomi samla ligg nærmare 0,4 mill. under budsjett, grunna vakansar. Til gjengjeld ligg andre driftsutgifter nesten tilsvarande over budsjett, dels grunna innkjøp av tenester frå andre kommunar for å dekkje inn for vakansane, men og i stor grad på grunn av innkjøp av konsulenttenester i samband med rekruttering av ny kommunedirektør. Grunna dei nemnte vakansane blei denne utgifta tatt innanfor eksisterande ramme i staden for å auke ramma. Ein ser likevel at enkelte utgifte, spesielt lisensar, ligg betydeleg over budsjett. Dette er noko en må ta tak i i 2026. Inntektene, som for det meste stammar frå sals- og skjenkeløyve, samsvarar med budsjett.

## Kommunedirektør og fellesutgifter

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2024	Forbr. % 2025
Sum lønnsutgifter inkl. sjukelønnsrefusjonar	3 245 452	3 034 000	3 034 000	3 992 787	106,97 %
Sum andre driftsutgifter	6 046 600	3 781 000	3 781 000	4 461 412	159,92 %
Sum driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar	-3 848 817	-1 341 000	-1 341 000	-1 235 028	287,01 %
<b>Sum Kommunedirektør og fellesutgifter</b>	<b>5 443 235</b>	<b>5 474 000</b>	<b>5 474 000</b>	<b>7 219 171</b>	<b>99,44 %</b>

Her ligg utgifter til kommunedirektør, beredskap, sektorovergripande utgifter, tilskot til fellesrådet og kommunen sin del av finansieringa av omstillingsprogrammet Bygg Bygland.

Årsaka til andre driftsutgifter og driftsinntekter avviker betydeleg frå budsjett, er fordi ein ikkje har detaljbudsjettert Bygg Bygland sitt budsjett, sidan auka i utgifter blir dekt inn av tilsvarande auke i inntekter. Som ein ser av forbruket på 99,44 prosent, er dette området i stor grad i samsvar med budsjett.

### 3.4 Oppvekst og kultur

#### Oppvekst og kultur – overordna

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2024	Forbr. % 2025
Sum lønnsutgifter inkl. sjukelønnsrefusjonar	40 516 940	41 134 000	40 357 000	36 577 907	<b>98,50 %</b>
Sum andre driftsutgifter	6 176 241	5 251 000	4 751 000	6 055 498	<b>117,62 %</b>
Sum driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar	-4 702 341	-3 886 000	-3 386 000	-4 231 344	<b>121,01 %</b>
<b>Sum budsjettområde 30 Oppvekst og kultur</b>	<b>41 990 840</b>	<b>42 499 000</b>	<b>41 722 000</b>	<b>38 402 061</b>	<b>98,80 %</b>

Lønn inkludert sjukelønnsrefusjonar: Lønnsområdet innan oppvekst er samla sett prega av variasjonar mellom einingane, særleg knytt til vikarbehov, permisjonar og refusjonar. Det største meirforbruket finn ein ved Bygland skule tilsette, der lønnsutgiftene ligg om lag kr 1,0 mill. over budsjett, hovudsakleg som følgje av auka vikarbehov og permisjonar. Ved Byglandsfjord skule tilsette er lønnsutgiftene tilsvarande om lag kr 1,0 mill. lågare enn budsjett, mellom anna grunna høgare refusjonar og lågare faste lønnsutgifter enn føreset. Barnehagane samla har mindre avvik, og ligg nærare budsjetttramma.

Andre driftsutgifter: Andre driftsutgifter ligg noko over budsjett innan fleire område, særleg i skulesektoren. Ved både Bygland skule og Byglandsfjord skule er det meirutgifter knytte til undervisningsmateriell, læremiddel og andre driftsrelaterte kostnader. Avvika er likevel moderate samanlikna med dei samla budsjetttrammene.

Driftsinntekter ekskludert sjukelønnsrefusjonar: Driftsinntektene er samla sett noko høgare enn budsjettet, særleg ved Bygland skule og SFO, der inntektene ligg om lag kr 700.000 over budsjett. Dette har medverka til å dempe netto meirforbruk på området. For dei øvrige einingane er inntektsavvika mindre og innanfor normale variasjonar.

#### Sjukefråvær

Fråværstyper	Korttidsfråvær	Langtidsfråvær
Kommunalområdet Oppvekst og kultur	1,79 %	9,16 %

#### Bygland skule og SFO

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2024	Forbr. % 2025
Sum lønnsutgifter inkl. sjukelønnsrefusjonar	19 017 337	18 492 000	18 635 000	17 774 381	<b>102,69 %</b>
Sum andre driftsutgifter	4 000 706	3 441 000	2 941 000	4 022 899	<b>116,27 %</b>
Sum driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar	-3 153 447	-2 483 000	-1 983 000	-2 840 828	<b>127,00 %</b>
<b>Sum Bygland skule og SFO</b>	<b>19 864 596</b>	<b>19 450 000</b>	<b>19 593 000</b>	<b>18 956 452</b>	<b>102,02 %</b>

#### Økonomi – samandrag

Rekneskapet for 2025 syner eit lite meirforbruk på 2.02 % for Bygland skule og SFO. Lønnskostandane ligg noko over budsjett, og andre driftsutgifter har eit høgt avvik. Samstundes er inntektene høgare enn venta, noko som dempar den totale overskridinga. Drifta er stabil, men kostnadsutviklinga krev tett oppfølging framover.

#### Byglandsfjord skule og SFO

Rekneskap	Regulert	Opphavelg	Rekneskap	Forbr. %
-----------	----------	-----------	-----------	----------

	2025	budsjett	budsjett	2024	2025
Sum lønnsutgifter inkl. sjukelønnsrefusjonar	9 384 714	10 310 000	10 387 000	9 444 412	91,03 %
Sum andre driftsutgifter	1 477 912	964 000	964 000	1 358 624	153,31 %
Sum driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar	-756 903	-590 000	-590 000	-478 880	128,29 %
<b>Sum Byglandsfjord skule og SFO</b>	<b>10 105 723</b>	<b>10 684 000</b>	<b>10 761 000</b>	<b>10 324 156</b>	<b>94,59 %</b>

### Økonomi – samandrag

Rekneskapet for 2025 syner eit mindreforbruk på 5,4 % for Byglandsfjord skule og SFO. Lønnskostnadene ligg under budsjett, medan andre driftskostnader har eit høgt avvik som driv kostnadsnivået opp. Inntektene er høgare enn venta og styrkjer resultatet. Den samla drifta er nøktern, men krev framleis tett oppfølging av kostnadsutviklinga.

### Bygland barnehage

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2024	Forbr. % 2025
Sum lønnsutgifter inkl. sjukelønnsrefusjonar	5 528 591	5 818 000	5 846 000	5 220 612	95,03 %
Sum andre driftsutgifter	432 941	509 000	509 000	422 370	85,06 %
Sum driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar	-435 539	-493 000	-493 000	-597 049	88,34 %
<b>Sum Bygland barnehage</b>	<b>5 525 994</b>	<b>5 834 000</b>	<b>5 862 000</b>	<b>5 045 933</b>	<b>94,72 %</b>

### Økonomi – samandrag

Rekneskapet for 2025 viser eit mindreforbruk på 5,3 % for Bygland barnehage. Lønnskostnadene ligg noko lågare enn budsjett, og dei andre driftskostnadene er klart under budsjettet nivå. Inntektene er lågare enn venta, men ikkje i eit omfang som påverkar totalresultatet vesentleg. Drifta framstår som stabil og i god balanse.

### Byglandsfjord barnehage

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2024	Forbr. % 2025
Sum lønnsutgifter inkl. sjukelønnsrefusjonar	5 533 298	5 461 000	5 489 000	4 138 502	101,32 %
Sum andre driftsutgifter	264 682	337 000	337 000	251 605	78,54 %
Sum driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar	-356 452	-320 000	-320 000	-314 587	111,39 %
<b>Sum Byglandsfjord barnehage</b>	<b>5 441 528</b>	<b>5 478 000</b>	<b>5 506 000</b>	<b>4 075 520</b>	<b>99,33 %</b>

### Økonomi – samandrag

Rekneskapet for 2025 viser eit resultat tett på balanse for Byglandsfjord barnehage, med eit forbruk på 99,3 %. Lønnskostnadene ligg noko over budsjett, medan dei andre driftskostnadene er klart lågare enn venta. Inntektene er høgare enn budsjettet og bidreg positivt til totalresultatet. Drifta framstår som stabil, men med behov for merksemd rundt lønnskostnadene

### 3.5 Helse og omsorg

#### Helse og omsorg – overordna:

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2024	Forbr. % 2025
Sum lønnsutgifter inkl. sjukelønnsrefusjonar	53 313 010	53 135 000	50 543 000	53 374 992	100,34 %
Sum andre driftsutgifter	11 371 276	12 480 000	12 450 000	13 792 381	91,12 %
Sum driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar	-15 457 666	-15 135 000	-14 810 000	-18 181 404	102,13 %
<b>Sum budsjettområde 33 Helse og omsorg</b>	<b>49 226 620</b>	<b>50 480 000</b>	<b>48 183 000</b>	<b>48 985 969</b>	<b>97,52 %</b>

Rekneskapen for 2025 syner eit totalt mindreforbruk på 2,5 % i forhold til revidert budsjett. Dette tilsvarar om lag kr. 1 250.000.

Lønn inkl. sjukelønnsrefusjonar: Lønnskostnadene enda noko over regulert budsjett (+0,34 %).

Dette skuldast særleg overtid, helgebemannning og manglande budsjettering av heilagdagstillegg i to avdelingar. Samstund es dempa vakansar gjennom året kostnadene, slik at totalavviket blei avgrensa.

Andre driftsutgifter: Samla driftsutgifter blei 11 371 276 kroner, som er lågare enn både ordinært budsjett (12 450 000 kroner) og regulert budsjett (12 480 000 kroner).

Trass i prisauke på mat, medisinsk forbruksmateriell og lisensar, blei det samla mindreforbruket oppnådd gjennom nøktern drift og utsette innkjøp.

Driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar: Samla driftsinntekter var høgare enn regulert budsjett, med om lag 322 666 kroner i meirinntekt. Auka inntekter innan institusjonstenester i andre halvår bidrog til dette, etter ein svakare start på året.

Samla vurdering: Helse og omsorg avslutta året med eit mindreforbruk. Resultatet vart betre enn prognosane tidleg i året, mykje takka vere vakansar, nøktern drift og auka inntekter i andre halvår. Samstundes viser året at bemanning, helgebelastning og lønnsdrivne kostnader framleis er risikofaktorar som må følgjast tett i 2026.

Sjukefråvær: For Helse og omsorg samla sett var sjukefråværet 9,23 % i 2025. Dette er ein reduksjon på 3,13% samanlikna med 2024.

Fråværstyper	Korttidsfråvær	Langtidsfråvær
Kommunalområdet Helse og omsorg	1,79 %	7,44 %

#### Helse og omsorg – administrasjon

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2024	Forbr. % 2025
Sum lønnsutgifter inkl. sjukelønnsrefusjonar	4 201 473	3 946 000	2 931 000	3 492 202	106,47 %
Sum andre driftsutgifter	1 717 936	1 943 000	2 168 000	2 372 648	88,42 %
Sum driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar	-478 656	-325 000		-310 632	147,28 %
<b>Sum Helse og omsorg - adm.</b>	<b>5 440 753</b>	<b>5 564 000</b>	<b>5 099 000</b>	<b>5 554 218</b>	<b>97,78 %</b>

Totalt syner rekneskapen eit marginalt mindreforbruk i forhold til revidert budsjett. Budsjettavvika skuldast i hovudsak rekneskapstekniske føringar opp mot dei andre avdelingane i kommunalområdet.

#### Byglandsheimen

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2024	Forbr. % 2025
Sum lønnsutgifter inkl. sjukelønnsrefusjonar	21 278 782	21 585 000	21 227 000	21 620 528	98,58 %

Sum andre driftsutgifter	1 581 325	1 491 000	1 491 000	2 357 252	106,06 %
Sum driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar	-4 388 586	-3 845 000	-3 845 000	-4 730 736	114,14 %
<b>Sum Byglandsheimen</b>	<b>18 471 521</b>	<b>19 231 000</b>	<b>18 873 000</b>	<b>19 247 044</b>	<b>96,05 %</b>

Løn inkl. sjukelønnsrefusjonar: Lønnskostnadene for Byglandsheimen samla ligg noko under regulert budsjett. Dette heng særleg saman med lågare bruk av vikarar og ekstrahjelp enn planlagt, samt periodar med vakante stillingar. Samstundes har ein hatt noko meirforbruk på enkelte tillegg og overtid, knytt til behov for å sikre forsvarleg bemanning i helger og høgtider. Totalt gir lønsområdet eit mindreforbruk som bidreg positivt til nettoresultatet for eininga.

Andre driftsutgifter: Andre driftsutgifter ligg litt over budsjett. Auken kjem mellom anna av høgare kostnader til matvarer, medisinsk forbruksmateriell, lisensar og vedlikehald enn føreset. Nokre planlagde innsparingstiltak og utgiftsreduksjonar har ikkje latt seg gjennomføre fullt ut i 2025, mellom anna av omsyn til driftstryggleik og kvalitet i tenestene. Meirforbruket på driftsutgifter svekkjer resultatet, men vert motverka av lågare lønskostnader og høgare inntekter.

Driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar: Driftsinntektene utanom sjukelønnsrefusjonar er høgare enn budsjettet. Dette skuldast særleg høgare inntekter frå opphaldsbetaling i institusjon og ulike refusjonar og overføringar enn lagt til grunn. I tillegg har ein hatt noko meirinntekter frå sal av varer og tenester. Den auka inntektsstraumen styrkjer nettoresultatet og bidreg til at Byglandsheimen samla kjem betre ut enn regulert budsjett, trass i meirforbruk på andre driftsutgifter.

### Open omsorg

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2024	Forbr. % 2025
Sum lønnsutgifter inkl. sjukelønnsrefusjonar	9 008 474	9 336 000	8 754 000	8 586 537	96,49 %
Sum andre driftsutgifter	1 263 205	990 000	490 000	519 586	127,60 %
Sum driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar	-164 978	-165 000	-165 000	-108 786	99,99 %
<b>Sum Open omsorg</b>	<b>10 106 701</b>	<b>10 161 000</b>	<b>9 079 000</b>	<b>8 997 337</b>	<b>99,47 %</b>

Løn inkl. sjukelønnsrefusjonar: Open omsorg hadde i 2025 samla lønnsutgifter på **9,0 mill. kroner**, mot eit revidert budsjett på **9,34 mill. kroner**. Dette gir eit mindreforbruk på om lag **0,33 mill. kroner**. Lønnsområdet er prega av stabil grunnbemanning, men òg betydeleg bruk av tillegg og vikarressursar. Sjukelønnsrefusjonane reduserer dei samla kostnadene, med inntekter på **nesten 0,3 mill.**

Andre driftsutgifter: Dei øvrige driftsutgiftene enda på **1,3 mill. kroner**, klart over budsjettet på **0,99 mill. kroner**. Dette gir eit meirforbruk på rundt **0,5 mill. kroner**. Kostnadsauken kjem særleg av høge utgifter til matvarer, transportmidlar og reinhaldstenester. I tillegg ligg enkelte programvare- og lisenskostnader over forventna nivå. Driftsutgiftene viser dermed eit tydeleg press på tenesta sine materiell- og driftsbehov. Endra praksis i løpet av 2025, ved at ein i større grad fører driftsutgifter på avdelingane i staden for Helse og omsorg – administrasjon er årsak til den store auka frå 2024 til 2025.

Driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar: Driftsinntektene samsvarar med budsjett.

### Helse og livsmeistring

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2024	Forbr. % 2025
Sum lønnsutgifter inkl. sjukelønnsrefusjonar	18 824 281	18 268 000	17 631 000	19 675 725	103,05 %
Sum andre driftsutgifter	6 808 810	8 056 000	8 301 000	8 542 896	84,52 %
Sum driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar	-10 425 446	-10 800 000	-10 800 000	-13 031 250	96,53 %
<b>Sum Helse og livsmeistring</b>	<b>15 207 645</b>	<b>15 524 000</b>	<b>15 132 000</b>	<b>15 187 371</b>	<b>97,96 %</b>

Løn inkl. sjukelønsrefusjonar: Lønskostnadane for eininga enda på 18,8 mill. kroner, noko som er om lag 0,6 mill. kroner over regulert budsjett. Hovudårsaka til meirforbruket er høge kostnader knytte til vikarbruk, overtid og løn ved ulike permisjonar og anna fråvær. Det er særleg store avvik innan engasjement- og prosjektstillingar samt refusjonsordningar som ikkje fullt ut kompensere for dei faktiske utgiftene. Grunnen til det er at vikariat i avdelinga og flyktningar som er tilsett etter "Narvik-modellen" har blitt ført under engasjement- og prosjektstilling. Flyktningar i arbeid etter "Narvik-modellen" dekkes av integreringstilskot. Samstundes har enkelte tenestoområde hatt auka aktivitetsnivå og behov for ekstra bemanning. Dette har samla sett gitt eit negativt avvik på løn.

Andre driftsutgifter: Andre driftsutgifter vart 6,8 mill. kroner, som er 1,25 mill. kroner lågare enn regulert budsjett. Det positive avviket kjem hovudsakleg av lågare forbruk innan kjøp av varer og tenester, redusert bruk av konsulenttenester og lågare kostnader til drift av bygg og transport enn venta. Nokre postar viser høge enkeltavvik, men samla sett har eininga hatt god kostnadskontroll på driftsnivået. Dette har bidrege vesentleg til å dempe meirforbruket på løn.

Driftsinntekter ekskl. sjukelønsrefusjonar: Driftsinntektene vart –10,4 mill. kroner, noko som er 0,37 mill. kroner lågare enn regulert budsjett. Hovudårsaka til svikt i inntektene er lågare statlege refusjonar og tilskot enn budsjettert, særleg innan integreringsområdet. Samstundes har enkelte inntekter, som husleige, vore høgare enn venta, men dette har ikkje vore nok til å kompensere for bortfall av større tilskotspostar.

### 3.6 Samfunn

#### Samfunn – overordna

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2024	Forbr. % 2025
Sum lønnsutgifter inkl. sjukelønnsrefusjonar	19 346 076	20 550 000	21 378 000	21 651 331	94,14 %
Sum andre driftsutgifter	26 641 197	21 879 000	22 879 000	25 410 892	121,77 %
Sum driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar	-21 635 656	-17 772 000	-17 342 000	-19 789 338	121,74 %
<b>Sum budsjettområde 35 Samfunn</b>	<b>24 351 617</b>	<b>24 657 000</b>	<b>26 915 000</b>	<b>27 272 885</b>	<b>98,76 %</b>

Løn inkl. sjukelønnsrefusjonar: Lønnsutgiftene ligg noko lågare enn regulert budsjett, og gjev eit positivt avvik. Hovudårsakene er lågare bruk av vikarar enn venta og større refusjonar frå sjukelønnsordninga enn budsjettert. Det er krevjande å finne vikarar på kort varsel når det blir fråvær i sentral stillingar. Samstundes er det til dømes høgare utgifter til ekstrahjelp enn budsjettert, men dette blir vege opp av auka refusjonar.

Andre driftsutgifter: Andre driftsutgifter er vesentleg høgare enn regulert budsjett, og dette gjev eit betydeleg negativt avvik. Auken kjem mellom anna frå høgare kostnader til forsikringar, innkjøp av varer og tenester, konsulentbruk, kjøp frå andre regnskapseiningar og kostnader knytt til vedlikehald av bygg og tekniske anlegg. For fleire postar er avviket særleg stort fordi budsjetterte midlar manglar, medan utgiftene har vore nødvendige for drift og tenesteleveranse. Dette området er den største negative faktoren i nettoresultatet for året. Det må rett nok presiserast at ein del av ekstrautgiftene gjeld utgifter kommunen har fått øyremerka tilskot til (t.d. Bjoren, Frivilligsentralen og ymse tilskot til vassområdekoordinator), samt utgifter som blir dekt av sjølvkostfond.

Driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar: Driftsinntektene er betydeleg høgare enn budsjettert, særleg som følgje av høgare gebyr- og brukarbetalingar (kommunale avgifter), auka inntekter frå sal av tenester (t.d. byggesaksgebyr), samt fleire offentlege og private refusjonar enn forventa (tilskot til Frivilligsentralen, Bjoren og vassområdekoordinator). Nokre område har lågare inntekter enn budsjettert, til dømes enkelte avgiftspliktige sal, men desse utslaga er små samanlikna med den samla inntektsauken. Den sterke inntektssida er difor ei tydeleg medverkande årsak til at totalresultatet for Samfunn vert betre enn venta.

Samla vurdering: Samfunn leverer eit resultat nær balanse, der auka inntekter og moderate lønsavvik kompensere for betydelege overskridingar på driftsutgifter. Utgiftsauken peikar på behov for grundigare styring og gjennomgang av

kostnadsdrivarar, medan inntektssida viser god utvikling. Her må det igjen understreke at ein del av utgiftsoverskriddinga heng direkte saman med tilsvarende inntektsauke øyremarka til desse utgiftene. Resultatet understrekar likevel både utfordringane og robustheita i eininga sitt økonomiske bilete for 2025.

### Sjukefråvær:

Fråværstyper	Korttidsfråvær	Langtidsfråvær
Kommunalområdet Samfunn	0,82 %	7,29 %

Eininga har vært prega av at ein hadde både eit stort sjukefråvær samt vakanse i sentrale stillingar. Dette gjaldt mest i fyrste halvår, medan hausten var mykje av bemanninga på plass.

### Samfunn – administrasjon og store driftsprosjekt

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett	Opphaveleg budsjett	Rekneskap 2024	Forbr. % 2025
Sum lønnsutgifter inkl. sjukelønnsrefusjonar	7 456 072	7 260 000	7 826 000	7 547 467	102,70 %
Sum andre driftsutgifter	4 936 590	2 715 000	3 765 000	4 259 904	181,83 %
Sum driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar	-5 568 417	-3 596 000	-3 666 000	-4 842 683	154,85 %
<b>Sum Samfunn - adm. og store prosjekt</b>	<b>6 824 245</b>	<b>6 379 000</b>	<b>7 925 000</b>	<b>6 964 688</b>	<b>106,98 %</b>

Lønn inkl. sjukelønnsrefusjonar: Lønnsutgiftene ligg om lag i tråd med budsjett, men viser eit mindre negativt avvik samanlikna med regulert budsjett. Auka kostnader til fast løn, enkelte tillegg og noko bruk av ekstrahjelp er dei viktigaste forklaringane. Sjukelønnsrefusjonar dempar delar av kostnadsveksten, men ikkje nok til å hindre eit samla overforbruk. Det må likevel presiserast at deler av budsjettoverskriddinga på lønn blir finansiert av øyremarka tilskot, som er med på å forklare at driftsinntektene er vesentleg høgare enn budsjettet. Totalt påverkar lønsområdet resultatet svakt negativt.

Andre driftsutgifter: Andre driftsutgifter viser ei stor overskridding i høve til regulert budsjett. Kostnadsauken er særleg knytt til kjøp av varer og tenester, konsulentbruk, IKT-relaterte driftskostnader, lisensar, gebyr og kjøp frå andre regnskapseiningar. Nokre postar – som forsikringsutgifter, velferdstiltak, reiseutgifter, vedlikehald og eksterne tenester – ligg vesentleg over budsjettnivået. Igjen så er det slik at ein del av utgiftsauken gjeld utgifter som er finansiert via eksterne øyremarka midlar. For eksempel frivilligsentralen og vassområde koordinator har ei samla utgiftsoverskridding på om lag 1,4 mill., men alt dette blir dekt inn av tilsvarende overskridding på inntektssida. Den største enkeltårsaka til at det blir overskridding under andre driftsutgifter, er kjøp av jordbrukstenester frå andre kommunar. Dette var eigentleg ikkje budsjettet for, men grunna vakansar innanfor andre område i Samfunn, fann ein budsjettdekning for det likevel.

Av større driftsprosjekt som har vore i 2025, kan ein nemne:

- ❑ Arbeid med strategiplan innanfor spreidd avløp som førebuing til oppretting av tilsynskontor, kr 100.000.
- ❑ Planarbeid:
  - Reguleringsplan Byglandsfjord, kr 185.000
  - Skredfareutgreiing, kr 140.000
  - Juridiske bistand med kommuneplanen sin arealdel, kr 100.000
  - Flaumkartlegging, kr 94.000
- ❑ Tilskotsordning: Fagkunnig utgreiing av naturfare, kr 165.000

Driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar: Driftsinntektene ligg betydeleg høgare enn budsjettet, og gir eit stort positivt avvik. Auken kjem særleg frå refusjonar frå stat, fylkeskommune og kommunar, i tillegg til høge inntekter frå avgiftsfrie og avgiftspliktige tenester. Nokre inntektsområde viser også nivå som ligg over tidlegare år. Denne sterke inntektssida har ein klar positiv effekt på rekneskapsresultatet og bidreg vesentleg til å dempe den negative effekten av høgare driftsutgifter.

Samla vurdering: Økonomien i administrasjonen i Samfunn i 2025 er kjenneteikna av auka inntekter, men òg betydeleg kostnadsauke, særleg innan kjøp av varer og tenester samt eksterne bistandstenester. Lønnsområdet ligg nært budsjett, men med visse meirutgifter. Samla endar eininga med eit negativt nettoavvik, der hovudutfordringa er knytt til kostnadsvekst som i stor grad ligg utanfor budsjettert nivå.

### **Kultur**

	<b>Rekneskap 2025</b>	<b>Regulert budsjett</b>	<b>Opphavelg budsjett</b>	<b>Rekneskap 2024</b>	<b>Forbr. % 2025</b>
Sum lønnsutgifter inkl. sjukelønnsrefusjonar	1 247 729	1 302 000	2 355 000	2 081 668	<b>95,83 %</b>
Sum andre driftsutgifter	720 028	688 000	688 000	1 012 385	<b>104,66 %</b>
Sum driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar	-503 990	-517 000	-517 000	-655 005	<b>97,48 %</b>
<b>Sum Kultur (tom. 31.07 i 2025, heile året i 2024)</b>	<b>1 463 767</b>	<b>1 473 000</b>	<b>2 526 000</b>	<b>2 439 048</b>	<b>99,37 %</b>

Frå 01.08.25 blei kultur overført til kommunalområdet Oppvekst og kultur. Fram til 31.07.25 var tala som ovanfor, altså utan større avvik i høve budsjett.

### **Drift – uteseksjonen og reinhald**

	<b>Rekneskap 2025</b>	<b>Regulert budsjett</b>	<b>Opphavelg budsjett</b>	<b>Rekneskap 2024</b>	<b>Forbr. % 2025</b>
Sum lønnsutgifter inkl. sjukelønnsrefusjonar	8 778 327	9 241 000	8 450 000	2 916 702	<b>94,99 %</b>
Sum andre driftsutgifter	9 409 452	7 901 000	7 851 000	11 385 822	<b>118,74 %</b>
Sum driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar	-3 845 363	-2 509 000	-2 009 000	-11 757 880	<b>153,26 %</b>
<b>Sum Drift - uteseksjonen og reinhald</b>	<b>14 342 416</b>	<b>14 633 000</b>	<b>14 292 000</b>	<b>2 544 644</b>	<b>97,82 %</b>

Løn inkl. sjukelønnsrefusjonar: Lønnsutgiftene ligg noko under budsjett, hovudsakleg grunna høgare refusjonar ved sjukefråvær enn venta og noko lågare kostnader til fast løn. Samstundes var bruken av vikarar og ekstrahjelp høgare enn budsjettert, noko som i periodar pressa kostnadsnivået opp. Samla sett gjev høge sjukelønnsrefusjonar eit positivt avvik og bidreg til å dempe dei totale lønnsutgiftene for året.

Andre driftsutgifter: Andre driftsutgifter vart vesentleg høgare enn budsjettert. Dette skuldast særleg auka kostnader til vedlikehald, drift av bygg og uteareal, straum og ulike tenester kjøpte frå eksterne leverandørar. Enkelte postar som gjeld maskinvedlikehald, brøyting og materiell er vesentleg høgare enn føresett. Desse avvika forklarar den samla overskriddinga innan driftsutgifter og påverkar totalresultatet negativt. Det må rett nok påpeikast at ein del av dei ikkje budsjetterte utgiftene kan direkte koplant mot ikkje budsjetterte inntekter, for eksempel når det gjeld Bjoren og tenesteavtala knytt til kyrkjegardane.

Driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar: Driftsinntektene vart klart høgare enn budsjett. Auken kjem særleg frå sal av varer og tenester samt høgare husleigeinntekter enn venta. Dette bidreg positivt til nettoresultatet og motverkar delar av kostnadsauken på driftsutgiftssida.

Samla vurdering: Samfunn uteseksjonen oppnår eit nettoresultat nært budsjett, der høgare driftsinntekter og sjukelønnsrefusjonar i stor grad balanserer dei betydelege overskriddingane innan andre driftsutgifter. Totalt sett framstår drifta som økonomisk handterbar, men med tydelege kostnadsdrivarar knytte til vedlikehald, straum og tenestekjøp som bør følgjast opp vidare.

**Sjølvkost (vatn, avløp, renovasjon, feiing, slam)**

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2024	Forbr. % 2025
Sum lønnsutgifter inkl. sjukelønnsrefusjonar	1 863 947	2 747 000	2 747 000	2 916 702	67,85 %
Sum andre driftsutgifter	11 575 128	10 575 000	10 575 000	11 385 822	109,46 %
Sum driftsinntekter ekskl. sjukelønnsrefusjonar	-11 717 887	-11 150 000	-11 150 000	-11 757 880	105,09 %
<b>Sum Sjølvkost (vatn, avløp, renovasjon, feiing, slam)</b>	<b>1 721 188</b>	<b>2 172 000</b>	<b>2 172 000</b>	<b>2 544 644</b>	<b>79,24 %</b>

Når det gjeld sjølvkostområdet (vatn, avløp, renovasjon, feiing og slam) vil ein vektlegge følgjande:

- **Overordna:** Samla nettoutgifter på dette området er på kr 1.721.188, som er 79 prosent av budsjett. Spesielt feieområdet blei lågare enn budsjettet. Kommunen subsidierer avløpsområdet med kr 1.458.151 totalt.
- **Vatn:** Nettoutgift på kr 0, som vil seie at kommunen hadde eit overskot på vassområdet i 2025 som blei sett av til eit bunde fond. Overskotet (fondsavsetninga) var på kr 229.085. Det gir ein dekningsgrad på 111 prosent. Det er ikkje vedtak om at gebyrinntektene skal dekke inn utgiftene på vassområdet, men om det blir overskot i 2026 også, er det noko ein må vurdere. I 2025 var det rett nok ekstraordinært låge utgifter grunna vakansar og låge pensjonsutgifter.
- **Avløp:** Nettoutgift på kr 1.458.000 (avrunda), som vil seie at kommunen subsidierer dette området med denne summen. Det gir ein dekningsgrad på 78 prosent. Dette er vesentleg høgare enn i 2024, då dekningsgraden var 63 %. Det er ikkje vedtak om at gebyrinntektene skal dekke inn utgiftene på avløpsområdet. Merk at også innan avløp har det vore ekstraordinært låge utgifter i 2025 grunna vakansar.
- **Renovasjon:** På dette sjølvkostområdet skal inntektene frå kommunale avgifter dekke inn utgiftene 100 prosent. Dette følgjer av rettleiaren til sjølvkostforskrifta. Enkelt sagt betyr det at dette området skal gå i 0 over tid. Dekningsgraden var 82 prosent i 2025. Det som ikkje blei dekt inn, blir finansiert av kommunen sitt sjølvkostfond på renovasjon (akkumulerte overskot frå tidlegare år). I 2025 blei fondet bruka opp, så det resterande underskotet blei ført som eit framførbart underskot og må dekkjast inn med eit overskot innan fem år.
- **Feiing:** Her er det lokalt vedtak om 100 prosent inndekning. Dekningsgraden i 2025 var 120 prosent, som vil seie eit overskot på 20 prosent. Overskotet blir brukt til å finansiere tidlegare år sine underskot på feiing, noko som no er finansiert i sin heilskap. Det som er til overs etter dette blir sett av til et bunde fond.
- **Slam:** Her gjelder same lovmessige krav som for renovasjon. Dekningsgraden var 62 prosent i 2025. Det som ikkje blei dekt inn, blir finansiert av kommunen sitt sjølvkostfond på slam (akkumulerte overskot frå tidlegare år). Dette fondet var berre kr 13.000, så resterande underskot på kr 153.000 blir ført som eit framførbart underskot. Det blei elles teke ein større gjennomgang av prisane på slamområdet i prislista for 2026, med sikte på å unngå så store underskot på dette området i framtida. Prisane har over ein lengre periode vore for låge.

**Inntekter:** Samla inntekter frå kommunale avgifter (kr 11.272.000) er 5,8 % (kr 617.000) høgare enn budsjettet. Spesielt innanfor avløp er inntektene betydeleg høgare enn budsjettet.

### 3.7 Eksterne samarbeid

#### Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2025:

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett 2025	Forbruk	Rekneskap 2024	Endring frå 2024 til 2025
Fellesutgifter	494 027	320 000	154,38 %	430 626	14,72 %
Kontrollutvalet	178 000	157 000	113,38 %	157 000	13,38 %
Revisjon	795 800	682 000	116,69 %	862 822	-7,77 %
IKT	4 760 123	4 928 000	96,59 %	4 639 738	2,59 %
PPT	895 229	909 000	98,48 %	857 406	4,41 %
Musikk og kulturskule	488 238	620 000	78,75 %	544 422	-10,32 %
Aust-Agder museum og arkiv - Museumsdel	443 050	437 000	101,38 %	425 600	4,10 %
Setesdal barnevern	11 086 306	8 517 000	130,17 %	8 594 077	29,00 %
Legetenesta	4 058 118	4 831 000	84,00 %	4 166 933	-2,61 %
Lokalmedisinske tenester	470 919	672 000	70,08 %	525 127	-10,32 %
Setesdal Brannvesen IKS	4 450 299	4 432 000	100,41 %	4 134 535	7,64 %
NAV Midt-Agder	1 860 591	1 750 000	106,32 %	1 665 639	11,70 %
Vassdragstyre for øvre Otra					
UNESCO-satsing innanfor oppvekst	351 614	391 000	89,93 %	215 867	62,88 %
<b>Netto driftsramme</b>	<b>30 332 314</b>	<b>28 646 000</b>	<b>105,89 %</b>	<b>27 219 792</b>	<b>11,43 %</b>

#### Kommentar:

Under fellesutgifter er det primært budsjettert med driftstilskot til SetPro, pluss ein liten buffer til når ein kjøper diverse tenester frå andre kommunar anten i samband med vakansar eller ved behov for settesakshandsamar. Etter auka av driftstilskotet er OFA IKS også lagt under her. Ved ein feil er ikkje auka teke fullt omsyn til i budsjettet, dette er primærårsaka til overskridinga.

Overskridinga innan kontrollutvalet og revisjon skuldast feilbudsjetteringar av kommunen.

IKT-utgiftene har stabilisert seg noko etter stor auke frå 2023 til 2024. Hausten 2025 blei det tatt ei gjennomgang av tilsettlisensar, kor ein reduserte talet på lisensar tilsvarende nærmare kr 100.000, men dette får ikkje effekt før i 2026. Generelt er det nødvendig å halde fram gjennomgangen av lisensar for å sjå om det er mogleg å redusere utgiftene ytterlegare.

Rekneskapen viser at PPT Setesdal har halde seg litt under budsjett samla sett for året. Det er gjennomført nokre mindre innsparingstiltak i 2025. Utgiftene til musikk- og kulturskule har minka med 10,32 % sidan 2024. Utgiftsnivået her vil i ein del grad avhenge av kor mange elevar som nyttar seg av dette tilbodet, men i 2025 er hovudårsaka at det har vore vakanse i stillingar.

Setesdal barnevern: Det har vore eit meirforbruk i barnevernstenesta for Bygland kommune, trass i at budsjettet blei auka med kr 1.350.000 i 2. tertialrapport. Dette er grunna fleire plasseringar utanfor heimen samt auka juridiske kostnader samt auka kostnader på eigenandelar og kjøp av tenester frå staten.

Barnevernsområdet er prega av at kostnader kan variere frå år til år, særleg knytt til behov for tiltak i enkeltsaker. Fleire ressurskrevjande saker i løpet av året har bidrege til auka kostnader samanlikna med budsjett. Barnevernstenesta vurderer at eininga har tilstrekkelege personalressursar til å ivareta oppgåvene, tiltak kjøpast frå statlege og private aktørar. Samstundes er lønsnivået relativt høgt, noko som heng saman med kompetansekrava i tenesta og behovet for kvalifisert fagpersonell.

Det har gjennom året vore fokus på tett økonomioppfølging og løpende vurdering av tiltak for å sikre ei mest mogleg målretta og forsvarleg ressursbruk. Plan for effektivisering har i stor grad vert gjennomført. Det er skifta til eit billigare fag-system og lisensar er sagt opp. Dette har medført ein investeringskostnad på ca. 150000 pr kommune.

Legetenesta: Mindreforbruket på kr 773.000 kjem hovudsakleg av langtidsfråvær blant tilsette utan å leige inn vikar, samt lågare utgifter enn budsjettert til kommuneoverlege på grunn av vakanse i stillinga deler av året, og at ein fekk auka tilskot til ALIS- og LIS-legar.

Lokalmedisinske tenester: Vertskommunesamarbeidet har eit positivt budsjettavvik på om lag 200.000 kr. Budsjetttramma som er sett er for å dekke tenestene utan tilskot. Kvart år blir det søkt om tilskot til anten stillingar eller tiltak, og også i 2025 har LMT Setesdal fått tilskot. Det har også vore vakanse i ei stilling frå november, og sjukemelding på audiograf kor ein ikkje har fått tak i vikar.

Utover dette viser ein til årsmeldingane til dei ein skilde samarbeida.

### 3.8 Andre sentrale inntekter og kostnader

#### **Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2025:**

	Rekneskap 2025	Regulert budsjett	Opphavelig budsjett	Rekneskap 2024	Forbr. % 2025
<b>Bevilling drift, netto budsjettområde 90</b>	<b>-22 508 370</b>	<b>-24 894 000</b>	<b>-22 794 000</b>	<b>-26 122 389</b>	<b>90,42 %</b>
Overføring til investering					
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				-73 000	
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	2 308 742	3 105 000	3 105 000	979 291	<b>74,36 %</b>
<b>Sum budsjettområde 90 Andre sentrale innt. og kost.</b>	<b>-20 199 627</b>	<b>-21 789 000</b>	<b>-19 689 000</b>	<b>-25 216 097</b>	<b>92,71 %</b>

#### **Kommentar:**

Øvste lina i tabellen ovanfor viser at nettoinntekta på dette budsjettområdet er om lag 3,6 mill. lågare i 2025 enn i 2024, og over 18 mill. lågare enn i 2023. Hovudårsaka til reduksjonen frå 2024 til 2025 er at nettoinntekt frå pensjonsrelaterte føringar (bl.a. premieavvik) er om lag 3,3 mill. lågare enn i 2024. I tillegg så er det ein ekstraordinær korreksjon av ein fråværsrefusjon i 2025 som inneber ein inntektsreduksjon på 1,1 mill. Denne inntekta var ført dobbelt i 2024. Feilen og korreksjonen er ekstra kommentert i note 19 i rekneskapen.

I 2024 hadde kommunen også ein ekstraordinær inntekt på 1 mill. som gjaldt refusjon for utlegg for fiberkabel. Høgare inntekter frå konsesjonskraft veg i nokon grad opp for dei nemnte inntektsreduksjonane.

#### 4 Bevilingsoversikt investering

	Note	Rekneskap 2025	Regulert budsjett '25	Opphavelg budsjett '25	Rekneskap 2024
1 Investeringar i varige driftsmidlar	4	5 882 205	10 602 000	17 400 000	8 676 003
2 Tilskot til andre sine investeringar		0	0	0	0
3 Investeringar i aksjar og andeler i selskap	5	561 537	562 000	500 000	671 647
4 Utlån av egne midlar	6	0	0	0	0
5 Avdrag på lån	7	0	0	0	0
<b>6 Sum investeringsutgifter</b>		<b>6 443 742</b>	<b>11 164 000</b>	<b>17 900 000</b>	<b>9 347 650</b>
7 Kompensasjon for meirverdiavgift		-894 576	-1 215 000	-2 180 000	-713 452
8 Tilskot frå andre		-1 080 000	-1 150 000	-470 000	-596 578
9 Sal av varige driftsmidlar	4	-1	0	-500 000	-41 155
10 Sal av finansielle anleggsmidlar		0	0	0	0
11 Utdeling frå selskap		0	0	0	0
12 Mottekne avdrag på utlån av egne midlar		-250 000	-200 000	-200 000	-100 000
13 Bruk av lån		-3 657 628	-8 037 000	-14 550 000	-7 224 819
<b>14 Sum investeringsinntekter</b>		<b>-5 882 205</b>	<b>-10 602 000</b>	<b>-17 900 000</b>	<b>-8 676 003</b>
15 Vidareutlån (startlån)	6	0	30 000 000	30 000 000	4 766 000
16 Bruk av lån til vidareutlån		0	-30 000 000	-30 000 000	-4 766 000
17 Avdrag på lån til vidareutlån	7	787 045	500 000	500 000	325 665
18 Mottekne avdrag på vidareutlån		-655 661	-500 000	-500 000	-1 435 986
<b>19 Netto utgifter vidareutlån</b>		<b>131 384</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-1 110 321</b>
20 Overføring frå drift		0	0	0	0
21 Avsetningar til bundne investeringsfond	10	337 493	0	0	1 138 399
22 Bruk av bundne investeringsfond	10	-468 877	0	0	-28 078
23 Avsetning til ubundet investeringsfond		0	0	500 000	0
24 Bruk av ubundet investeringsfond		-561 537	-562 000	-500 000	-671 647
25 Dekning av tidlegare års udekka beløp		0	0	0	0
<b>26 Sum overføring frå drift og netto avsetningar</b>		<b>-692 921</b>	<b>-562 000</b>	<b>0</b>	<b>438 674</b>
<b>27 Framført til inndekning i seinare år (udekka beløp)</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

##### 4.1 Investeringsutgifter

Line 1, investeringar i varige driftsmidlar, blir kommentert i kapittel 5 Bevilingsoversikt drift, til fordeling. Kjøp av aksjar og andelar gjeld eigenkapitaltilskot til KLP. Dette blir dekt av ubunde investeringsfond.

##### 4.2 Investeringsinntekter

Dei største budsjettavvika her er innan budsjettpostane kompensasjon for meirverdiavgift og bruk av lån. Avvika på meirverdiavgiftskompensasjon og bruk av lån heng tett saman med at dei samla investeringane i varige driftsmidlar blei lågare enn budsjettert. For meir detaljar om dette, viser ein til kapittel 5.1.

Under tilskot frå andre ligg tilskot frå Husbanken til sjukesignalsystem på Byglandsheimen (kr 683.000), samt spelemidlar knytt til dagsturhytta. Mottekne avdrag på utlån av egne midlar, gjeld avdrag på næringsutlån innvilga av kommunestyret i 2022.

### **4.3 Vidareutlån**

Det har ikkje blitt utbetalt nokon startlån i 2025, som er i sterk kontrast til 2024, kor kommunen innvilga fire startlån, på totalt kr 4.766.000, pluss fleire finansieringsbevis. I 2023 var tilsvarande tal to lån på totalt kr 1.881.170. Før desse låna blei innvilga, hadde det ikkje blitt innvilga startlån i kommunen sidan 2019. Det er gjort ei tapsvurdering av startlåna per 31.12.25, og med unntak av eit mindre lån som potensielt kan gi kommunen eit tap på snaue kr 200.000, blir alle låna betent. Eit eventuelt tap blir ført i balanserekneskapen og får ikkje innverknad på kommunen sitt økonomiske resultat.



## 5 Bevilingsoversikt investering, til fordeling

	Rekneskap 2025	Regulert Budsjett	Opphavelg Budsjett	Rekneskap 2024
<b>Investeringar i varige driftsmidlar</b>				
40002 Velferdsteknologi	11 799	200 000	200 000	390 304
40003 Tørketrommel Byglandsheimen				120 000
40004 Vaskemaskin Byglandsheimen	235 950	275 000	275 000	
40005 Bekkenspyler	100 389	125 000	125 000	
40006 Straumberedskap Sagmoen	256 650	400 000	400 000	
50001 Rehabilitering av kloakkreinse- og pumpestasjonar	187 418	200 000	200 000	0
50002 Rehabilitering av vasskummar av omsyn til HMS	0	0	200 000	0
50007 VA Presteneset	0	0	300 000	0
50008 Ny vasskjelde Åraksbø	21 969	100 000	200 000	
50009 Barriere Bygland vassverk	13 385	300 000	2 000 000	
50012 Oppgradering avløpsrøyr Byglandsfjord (innlekk framandvatn)	0	300 000	300 000	
70000 Turveg Byglandsfjord	85 850	1 000 000	1 500 000	21 732
70002 Dagsturhytta				12 292
70003 Inventar til biblioteket				345 092
70004 Kommunal veg Presteneset				119 400
70007 Utsmykking i rundkøyringa på Bygland	93 963	450 000	450 000	
70010 Kjøp tomtegrunn	0	1 000 000	1 000 000	
70012 Bygland kulturscene				63 786
70015 Utstillingsmonter				124 547
70017 Målretta ENØK-tiltak	406 994	500 000	500 000	109 800
70021 Styrkerom Årdalshallen			1 000 000	
70022 Inventar til ungdomsklubben	46 323	53 000	0	296 368
70023 Kulturscena: Lys- og tepperigg	498 492	500 000	400 000	0
70024 Kulturscena: Lydanlegg				141 456
70025 Stolar/bord Årdalshallen	249 750	250 000	250 000	272 475
70026 Årdalshallen: Lydanlegg				143 794
70027 Pakkbua: Bruksendring og opprusting	401 446	1 000 000	3 000 000	425 719
70028 Nytt system for pasientvarsling Byglandsheimen	197 900	198 000	0	654 283
70029 Rehabilitering av Priveten	101 449	102 000	0	201 232
70030 Oppgradering av Byglandsheimen	160 363	300 000	300 000	
70031 Ny lastebil				633 065
70032 Infrastruktur Presteneset (ekskl. VA)				338 445
70033 Kjøp av industribygg på Byglandsfjord				3 759 740
70035 Kjøkken kulturscene	282 305	300 000	450 000	
70036 Rehabilitering firemannsbustad Bygland	215 000	375 000	300 000	
70037 Områdeløft Byglandsfjord	0	0	1 000 000	
70038 SD-styring Byglandsfjord barnehage	101 109	100 000	100 000	
70039 Solskjerming/kjøling Byglandsfjord barnehage	0	0	100 000	
70040 Belegg/rehabilitering av golv Bygland barnehage	459 418	460 000	300 000	
70041 Kantklippar til traktor	187 500	188 000	250 000	
70048 Bygge om gammalt reinseanlegg på Bygland til garasje/lager	119 515	100 000	100 000	
70049 Leikeplass Grendi v/grendehuset	138 238	150 000	150 000	
70051 Kjøkken SFO Byglandsfjord	139 210	250 000	250 000	
70052 Fleirbruksbil	610 811	700 000	1 000 000	

70055	Badebrygger med universell utforming	0	0	200 000	
70056	Ny bu/lager v/Brygga Bygland	137 841	100 000	100 000	
70057	Ferdigstille Rindan og Austad bustadfelt	0	200 000	500 000	
70058	Kjøp av «Søsterhjemmet»	175 545	176 000	0	
70059	Oppgradering av tak på Byglandshallen	245 625	250 000	0	
90010	Nytt IKT-system økonomi og personal				502 473
	<b>Sum investeringar i varige driftsmidlar</b>	<b>5 882 205</b>	<b>10 602 000</b>	<b>17 400 000</b>	<b>8 676 003</b>

### 5.1 Kommenterar til kvart prosjekt

For kommenterar om prosjekt som er sett til 0 i løpet av året, viser ein til tertialrapportane.

#### **Prosjekt 40002: Velferdsteknologi**

Helse og omsorg nytta ikkje dei budsjetterte midlane til velferdsteknologi i 2025 fordi det ikkje lå føre konkrete prosjekt eller tiltak som var klare for gjennomføring i løpet av året. Tenesteområdet er inne i ein omstillings- og planleggingsfase der behov, løysingar og vidare retning for velferdsteknologi skal avklarast før nye investeringar blir gjorde. For å sikre at midlane blir brukte målretta og gir ønskt gevinst, ble innføring av ny teknologi utsett til det ligg føre tydelege prioriteringar.

#### **Prosjekt 40004: Vaskemaskin Byglandsheimen**

I 2025 vart det henta inn anbod på ny industriell vaskemaskin til Byglandsheimen. Maskina vart bestilt i 2025 med plan om levering tidleg i 2026. Det var sett av 275 000 kroner inkl. mva til investeringa, men kommunen valde ei rimelegare modell som nådde alle kravspesifikasjonane. Ei større maskin ville ført til betydelege ekstra driftskostnader knytt til ombygging for å få ho inn i vaskeriet. Den valde maskina, inkludert sokkel og montering, hadde ein total kostnad på 235 950 kroner inkl. mva.

#### **Prosjekt 40005: Bekkenspyler**

Det vart henta inn anbod på ny bekkenspylar til Byglandsheimen, og installasjonen vart gjennomført i desember 2025. Det var sett av 125 000 kroner i budsjettet, medan den endelege kostnaden vart 100 389 kroner. At ikkje heile budsjettet vart brukt, skuldast at det ikkje fanst andre tilgjengelege modellar som oppfylte kravspesifikasjonane. Ei større utgåve av same modell ville ha gått noko over budsjett, og det er per i dag ikkje behov for ei større maskin.

#### **Prosjekt 40006: Straumberedskap Sagmoen**

Aggregatet var ute på anbod og blei mye billigare enn forespeila. Med EL-tilkopling på bygget og aggregat blei totalkostnaden kr 256 650. Prosjektet er ferdig.

#### **Prosjekt 50001: Rehabilitering av kloakkreinse- og pumpestasjonar**

Ose pumpestasjon er renoverert og prosjektet er ferdig.

#### **Prosjekt 50008: Ny vasskjelde Åraksbø**

Grunna vakansar på VA-feltet er prosjektet overført til -26

#### **Prosjekt 50009: Barriere Bygland vassverk**

Grunna vakansar i stilling på VA-feltet er prosjektet overført til -26

#### **Prosjekt 70000: Turveg Byglandsfjord**

Turvegprosjektet blei starta opp att i -25. Det er nå sett på hjelp til prosjektering og avklaring av turvegen. Prosjektet held fram inn i -26

**Prosjekt 70007: Utsmykking i rundkøyninga på Bygland**

Det er inngått avtale og arbeidet blir utført av smedane og kunstnarane Håkon Busk og Brage Planke i selskapet *Smed, kunst og design AS*, som held til på historiske Bogstad gard. Det er også inngått avtale med Statens vegvesen og Nomeland maskin om å sette opp og sikre skulpturen i rundkøyninga på Bygland våren -26.

**Prosjekt 70010: Kjøp tomtegrunn**

Kommunen har søkt Allstad om å få kjøpe gjenstående areal og fått tilsagn på kva vi fekk kjøpe og kva vi ikkje fekk kjøpe. Tangen og Raudbekk får vi kjøpe medan vassarealet vil dei ikkje sele (prosessen pågjekk gjennom -25.) Ein hadde eit håp om at alt skulle vere klart til nyttår, men det gjekk ikkje. No er målet at det skal vere klart innan sommaren.

**Prosjekt 70017: Målretta ENØK-tiltak**

Årdalshallen har fått nye LED lys i hall og på scene. Byglandsfjord skule har investert i varme- og ventilasjonsstyring for natt, helg og ferie, for å senke temperaturar og slå av ventilasjon når det ikkje trengs.

**Prosjekt 70022: Inventar til ungdomsklubben**

I 2025 har ein bruka restmidlar frå 2024 til å ferdigstille prosjektet. Det er kjøpt inn ein 98-tommars TV og biljardbord.

**Prosjekt 70023: Kulturscena: Lys- og tepperigg**

Prosjektet er ferdigstilt. Det er ny scenerigg, godkjent etter forskriftene. Taket er malt, og det er kjøpt inn nytt sceneteppe. Nye lyskastere og nytt digitalt miksebord.

**Prosjekt 70025: Stolar/bord Årdalshallen**

Jf. vedtak i kommunestyret, så blei dette prosjektet starta opp i 2024 og avslutta i 2025. I 2025 blei det kjøpt 120 stolar.

**Prosjekt 70027: Pakkbua: Bruksendring og opprusting**

Det har vært ein lang prosess med planlegging og bruksendring av Pakkbua, kostbart har det også blitt. Då anboda kom inn viste det seg at dei låg høgt over det som var budsjettert. Anbudskonkurransen blei avvikla og konsulentavtalen sagt opp. Saka gjekk tilbake til Kommunestyret og det blei vedteke at kommunen overtar prosjektering og finn nye løysningar innanfor vedteke budsjetttramme. Gjenverande midlar blir overført til 2026.

**Prosjekt 70028: Nytt system for pasientvarsling Byglandsheimen**

Siste del av nytt pasientvarslingsanlegg blei ferdigstilt i starten av 2025. Det blei gjort eit større innkjøp av ei seng full av velferdsteknologiske løysingar, som kunne koplast opp mot det nye pasientvarslingsanlegget. Det blei sett av 198 000,- til dette og tilnærma alle midlar blei brukt til innkjøpet. Prosjektet hadde også noko finansiering frå Husbanken.

**Prosjekt 70029: Rehabilitering av Priveten**

Priveten er ferdig restaurert utvendig. Hovudarbeid ferdig i 2024, men det sto att litt blikkarbeid, difor fylgde den med over i 2025.

**Prosjekt 70030: Oppgradering av Byglandsheimen**

Hovudsakeleg utgifter til ulike konsulentar på rapporter om el. anlegg, ENØK-tiltak ol.

**Prosjekt 70035: Kjøkkenet kulturscene**

Kjøkkenet vart ferdig i omlag august 2025. Ny innreiing og kvitevarer. Noko nytt elektrisk og veggane måla. Vart noko rimelegare enn budsjettert.

**Prosjekt 70036: Rehabilitering firemannsbustad Bygland**

Taket vart ferdig i oktober 2025. Etter fyrste tilboda kom inn, såg det ut som her var satt av for lite midlar, så det vart regulert/auka opp i budsjett. Når siste og valde tilbod kom inn, vart dette likevel under opprinneleg budsjett.

**Prosjekt 70038: SD-styring Byglandsfjord barnehage**

SD styring frå Laugstol er ferdig montert. Prosjektet er ferdig.

**Prosjekt 70040: Belegg/rehabilitering av golv Bygland barnehage**

Prosjektet ferdig. Frå steg 1 året før viste der seg å vere ein del utfordringar knytt til fukt i betonggolvet. I tillegg ville rigggkostnader utløyse ein mykje høgare pris pr m2 dersom ein berre skulle skifte delar av bygget. Difor blei budsjettet regulert og ein høgare sum (jamført tilbod) blei sett, slik at ein kunne skifte alt. Derav ein lågare kostnad pr m2 totalt sett.

**Prosjekt 70041: Kantklippar til traktor**

Kantklipper er kjøpt til traktoren. Prosjektet er ferdig.

**Prosjekt 70048: Bygge om gammalt reinseanlegg på Bygland til garasje/lager**

Bygget blei litt dyrere enn budsjettet grunna at det blei ført fleire arbeidstimar på bruk av eigne tilsette enn budsjettet. Prosjektet er ferdig.

**Prosjekt 70049: Leikeplass Grendi v/grendehuset**

Prosjektet omfattar innkjøp av nytt leikeplassutstyr, inkludert klatreelement, huskestativ og tilhøyrande fallunderlag, for totalt kr 138.237,50 inkl. mva. Utstyret utgjør ei utbetring av leikeområdet og bidreg til eit tryggare og meir variert tilbod for barn. Prosjektet er gjennomført i 2025, og resterande beløp på om lag kr 12 000 er nytta i starten av 2026.

**Prosjekt 70051: Kjøkken SFO Byglandsfjord**

Prosjektet er ferdig å avslutta i februar 2026. Kjøkkenet blei bestilt og betalt i desember 2025, og resten av midlane overførte til 2026. Alle fakturaer har ikkje komen inn endå, men ein forventar at prosjektet er innafor ramma.

**Prosjekt 70052: Fleirbruksbil**

Bilen blei kjøpt i 2025. Det står att å gjere han universelt utforma, dette blir gjort i 2026 med midlane som er att på prosjektet.

**Prosjekt 70056: Ny bu/lager v/Brygga Bygland**

Prosjektet er ferdig. Vart noko auka kostnader på prosjektet grunna diverse søknadar og teikning.

**Prosjekt 70058: Kjøp av «Søsterhjemmet»**

Kommunen nytta forkjøpsretten sin og kjøpte «Søsterhjemmet» frå Filadelfia.

**Prosjekt 70059: Oppgradering av tak på Byglandshallen**

Det har lenge vore problem med lekkasje i taket på Byglandshallen. Det blei derfor lagt ein plan saman med Evje Bygg om oppgradering av taket.

## 6 Balanserekneskap

### 6.1 Omløpsmidlar

	Rekneskap 2025	Rekneskap 2024	Endring: i kroner	i %
Bankinnskot og kontantar	98 684 765	82 206 723	16 478 042	20,04 %
Obligasjonar (omløpsmidlar)			0	
Sertifikat			0	
Kundefordringar	5 374 346	4 318 619	1 055 727	24,45 %
Konserninterne kortsiktige fordringar		143 664	-143 664	-100,00 %
Derivat			0	
Andre kortsiktige fordringar	9 853 184	4 089 033	5 764 150	140,97 %
Aksjar og andeler (omløpsmidlar)			0	
Premieavvik	25 261 916	31 785 368	-6 523 453	-20,52 %
<b>SUM OMLØPSMIDLAR</b>	<b>139 174 210</b>	<b>122 543 407</b>	<b>16 630 802</b>	<b>13,57 %</b>

#### **Kommentar:**

Samla auke i bundne og ubundne drifts- og investeringsfond på om lag 3,8 mill., betydeleg lågare faktura på reguleringspremie pensjon og auke i ubruka lånemidlar på nesten 6 mill. er dei største enkeltårsakane til at likviditeten er forbetra med nesten 16,5 mill. Under andre kortsiktige fordringar er det primært ei fordring relatert til omstillingsmidlar frå fylkeskommunen til Bygg Bygland på om lag 3,7 mill. som er årsaka til at denne posten har auka med over 5,7 mill. samanlikna med 2024.

Akkumulert premieavvik reknar ein med vil reduserast på lengre sikt sidan kommunen må amortisere («skrive ned») balanseførte premieavvik med 1/7 kvart år. Amortiseringa svarar til ein kostnad i rekneskapen, og denne kostnaden er venta å bli større med åra, i og med at premieavvika dei siste åra har vore på fleire millionar, seinast i 2023 var dei på nesten 17 mill., vil det bli store kostnader til amortisering i framtida. Kommunen har difor satt av kr 17,9 millionar på fond som kan nyttast i dei åra kor inntektsført premieavvik vert lågare enn dei kostnadsførte amortiseringane. I 2025 anbefalte Kommunal- og distriktsdepartementet at kommunane nytta sin del av KLP sitt overskot for 2024 til å redusere reguleringspremien for 2025, og dermed og redusere premieavviket slik at ein får lågare amortiseringskostnader i framtida. Difor er akkumulerte positive premieavvik redusert med 6,5 mill.

### 6.2 Anleggsmidlar

	Rekneskap 2025	Rekneskap 2024	Endring: i kroner	i %
Pensjonsmidlar	308 278 387	283 955 842	24 322 545	8,57 %
Aksjar og andeler (anleggsmidlar)	16 600 411	16 038 874	561 537	3,50 %
Utlån (anleggsmidlar)	8 910 419	9 816 080	-905 661	-9,23 %
Konserninterne langsiktige fordringar			0	
Utstyr, maskiner og transportmidlar	8 423 313	7 844 075	579 238	7,38 %
Faste eigedomar og anlegg	195 680 890	200 788 616	-5 107 726	-2,54 %
Immaterielle eigendeler			0	
Obligasjonar (anleggsmidlar)			0	
<b>SUM ANLEGGSMIDLAR</b>	<b>537 893 419</b>	<b>518 443 486</b>	<b>19 449 932</b>	<b>3,75 %</b>

**Kommentar:**

Tabellen syner utviklinga i anleggsmidla frå 2024 til 2025. Samla har anleggsmidla auka med kr 19,4 millionar. Auka i anleggsmidlar skuldast i all hovudsak auke i pensjonsmidlar. Kommunale pensjonsordningar er finansierte gjennom fondsopplegg. Dette inneber at det blir betalt inn midlar til pensjonsordninga til dekning av framtidige pensjonsutbetalingar. Formålet med dette er å sikre at dei tilsette har dekning for sine tente rettar til einkvar tid. Det er desse midlane som er inkludert i dei dryge 308 millionane kommunen har i pensjonsmidlar.

**6.3 Kortsiktig gjeld**

	Rekneskap 2025	Rekneskap 2024	Endring i kroner	i %
Likviditetslån			0,00	
Anna kortsiktig gjeld	-18 900 655	-21 938 738	3 038 083	-13,85 %
Konsernintern kortsiktig gjeld	-228 191		0	
Derivat			0	
Leverandørgjeld	-11 502 867	-7 997 804	-3 733 254	46,68 %
Premieavvik	-6 334 618	-52 664	-6 281 954	11928,37 %
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>	<b>-36 966 331</b>	<b>-29 989 206</b>	<b>-6 977 125</b>	<b>23,27 %</b>

**Kommentar:**

Den kortsiktige gjelda er høgare enn i 2024. Konsernintern kortsiktig gjeld utgjer ca. kr 0,2 millionar av den forpliktinga. Dette er kortsiktig gjeld til IKS, kommunale føretak og liknande som kommunen er med i. Negative premieavvik er balanseført som kortsiktig gjeld. Desse premieavvika skal og amortiserast dei komande åra, men i motsetnad til dei positive premieavvika som er balanseført som kortsiktige fordringar, vil amortiseringa av desse premieavvika ha ein positiv effekt på kommunen sitt driftsrekneskap. Ser ein desse tala i samanheng med tala i avsnittet om omløpsmidlar, kan ein seie at netto premieavvik til amortisering (utgiftsføring) i komande år er lik kr 19 millionar (ned frå 31,7 millionar i 2024). Den store reduksjonen skuldast den nemnte bruken av premiefond.

**6.4 Langsiktig gjeld**

	Rekneskap 2025	Rekneskap 2024	Endring i kroner	i %
Pensjonsforplikting	-315 068 106	-279 106 603	-35 961 503	12,88 %
Obligasjonslån			0	
Uteståande obligasjonslån med forfall etter neste rekneskapsår			0	
Uteståande obligasjonslån med forfall i neste rekneskapsår			0	
Obligasjonslån med forfall i neste rekneskapsår			0	
Sertifikatlån			0	
Gjeld til kredittinstitusjonar (ikkje gyldig i 2024)			0	
Lån i kredittinstitusjon med avdragsprofil	-144 363 983	-141 855 043	-2 508 940	1,77 %
Avdragsfrie lån i kredittinstitusjon kor hovudstol forfell etter neste rekneskapsår			0	

Avdragsfrie lån i kredittinstitusjon kor hovudstol forfell i neste rekneskapsår				0
Lån i kredittinstitusjon med sertifikatvilkår - med løpetid inntil 12 månadar				0
Konsernintern langsiktig gjeld				0

<b>SUM LANGSIKTIG GJELD</b>	<b>-459 432 089</b>	<b>-420 961 646</b>	<b>-38 470 443</b>	<b>9,14 %</b>
-----------------------------	---------------------	---------------------	--------------------	---------------

#### **Kommentar:**

Oversikta syner at langsiktig gjeld unnateke auka pensjonsforplikting, har gått opp med cirka kr 2,5 millionar. Kommunen betalte kr 6,2 millionar i ordinære avdrag i 2025, og det blei teke opp nytt lån på 5,6 mill., som vil seie at ordinær gjeld blei redusert med 0,6 mill. Resterande endring, auke på om lag 3,1 mill., gjeld startlån, som no på rundt 15 mill. Pensjonsforpliktinga har auka med nesten 36 millionar. Samla avvik mellom midlar og forplikting knytt til pensjon er på 6,8 mill. i negativt favør (dette var 5,9 mill. i positiv retning i 2024).

#### **6.5 Eigenkapital**

	<b>Rekneskap 2024</b>	<b>Rekneskap 2023</b>	<b>Endring i kroner</b>	<b>i %</b>
Bundne driftsfond	-26 706 141	-25 609 451	-1 096 690	4,28 %
Ubundet investeringsfond	-219 282	-780 819	561 537	-71,92 %
Bundne investeringsfond	-2 798 763	-2 930 147	131 384	-4,48 %
Disposisjonsfond	-64 740 755	-61 383 219	-3 357 536	5,47 %
Prinsippendr, som påverkar arbeidskap. invest.			0	
Prinsippendr. som påverkar arbeidskapitalen drift	1 951 787	1 951 787	0	0,00 %
Meirforbruk i driftsrekneskapen			0	
Udekket beløp i investeringsrekneskapen			0	
Kapitalkonto	-88 156 055	-101 284 194	13 128 139	-12,96 %
<b>SUM EIGENKAPITAL</b>	<b>-180 669 208</b>	<b>-190 036 042</b>	<b>9 366 834</b>	<b>-4,93 %</b>

#### **Kommentar:**

Tabellen syner utviklinga frå 2024 til 2025. Disposisjonsfondet har auka med snau 3,4 mill. til om lag 64,7 mill. og består av følgjande fond per 31.12.25:

<b>Fond</b>	<b>Saldo</b>
Disposisjonsfond	-22 402 161,41
Bygdebokfond	-105 240,52
DFV Fond	-1 000 000,00
Flyktingefond	-9 561 018,71
Rentefond	-1 000 000,00
Bygland oppvekstsenter	-50 800,00
Premiefond Pensjon	-17 898 734,11
Flyktingefond (Ukraina)	-8 972 318,55
Meirforbruk/mindreforbruk	-3 067 565,42
Fond til næringsfremme formål (restmidlar frå næringsprosjektet Setesdal Vekst)	-683 062,77
<b>Sum disposisjonsfond</b>	<b>-64 740 901,49</b>

Som nemnt i avsnittet over, vil premiefondet kunne brukast i dei åra kor nettoeffekten av premieavvika er negativ. Her må det rett nok nemnast at netto premieavvik til utgiftsføring i kommande år utgjer om lag kr 19 millionar, så premiefondet er i så måte litt for lite til å dekkje kommande utgifter knytte til amortisering av premieavvik. Kommunen har all langsiktig gjeld med flytande rente, då dette i mange år var det mest gunstige. Rentefondet er i så måte ein «buffer» i fall renta skulle auke uventa mykje eit år det ikkje er dekning for det i det ordinære driftsbudsjettet. Ein vil vurdere om fastrente kan vere eit alternativ på deler av låneporteføljen, men skal fastrente lønne seg må ein gjerne be om tilbod i forkant av ei renteauke i marknaden.

*Bundne* fond har auka med om lag kr 1,1 mill. sidan 2024. Største delen av øyremerka midlar til vassområdekoordinator i Otra, samt midlar til helsefremjande skule og barnehage. Bundne fond er spesifisert i note 10 i rekneskapsversikta.

## 7 KOSTRA: Finansielle nøkkeltal, analyse og prognose

### 7.1 Ein kort analyse av dei finansielle nøkkeltala

Som forlenging av rekneskapskommentarane ovanfor, vil ein i dette delkapitlet vise dei finansielle nøkkeltala frå KOSTRA for 2025. Merk at dette er ureviderte tal per 16.03.26, og at SSB nyttar tal inklusiv særbedrifter (interkommunale selskap osv.). Difor vil tala for langsiktig gjeld og disposisjonsfond avvike noko frå når ein ser på kommunen sin tal isolert sett.

Ein har valt å samanlikne kommunen med gjennomsnittet for KOSTRA kommunegruppe 14, som inkluderer kommunar med 600 til 1999 innbyggjarar og låge eller middels frie disponible inntekter per innbyggjar. Ein har i tillegg valt å samanlikne kommunen med kommunane Åmli, Iveland og Hægebostad, som er dei andre Agder-kommunane, i tillegg til Bygland, som høyrer til i KOSTRA-gruppe 14.

	Åmli	Iveland	Bygland	Hægeb.	KG14
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter (%)	2,9	8,1	2,2	4,8	1,9
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter (%)	38,7	52,2	47,5	21,8	25,3
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (%)	17,8	-31,9	-10,9	19,8	28,5
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktingar i % av brutto driftsinntekter (%)	75,5	50,3	61,4	71,6	94,0
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	105 484	107 022	102 420	99 690	100 921
Frie eigenkapital drift (= disp. fond) i % av brutto driftsinntekter (%)	23,6	48,6	38,2	19,1	17,7
Brutto investeringsutgifter i % av brutto driftsinntekter (%)	7,6	3,7	2,9	5,9	17,1
Egenfinansiering av investeringene i % av totale brutto investeringar (%)	49,1	78,3	33,8	26,8	23,3

Tala er henta frå tabell 12134 («Utvalte nøkkeltal for kommunerekneskap») hos SSB. Netto driftsresultat er det same som rekneskapsmessig mindreforbruk («overskot») før fondsdisponeringar. Som ein ser av den økonomiske driftsoversikta i delkapittel 1.1, samt tabellen ovanfor, så er Bygland kommune sitt netto driftsresultat positivt, og høgare enn gjennomsnittet i KOSTRA-gruppa. Bygland sitt resultat blei betydeleg forbetra av at konsesjonskraftinntektene blei 2,7 mill. høgare enn budsjettet, som følgje av ei ekstraløyving mot slutten av året. Likevel er kommunen sitt tal lågare enn dei samanliknbare kommunane, spesielt Iveland og Hægebostad.

Noko som bidreg til at netto driftsresultat er kunstig høgt, er nettoinntekta frå premieavvik på nesten 1 mill. Premieavviket på totalt nesten 7 mill. (inntekt) må amortiserast over dei sju neste åra, som vil seie at 1/7 av 6,77 mill., om lag kr 0,97 mill., blir ein årleg kostnad frå og med 2025 til og med 2031. Difor er det anbefala at nettoinntekt knytt til premieavvik bør setjast av til pensjonsfond til dei auka pensjonskostnadane som kjem seinare. I motsetning til tidlegare år, bidreg ikkje netto premieavvik positivt til netto driftsresultat i 2025. Snarare tvert i mot så hadde premieavvik, inkl. amortiseringar av tidlegare år sine premieavvik, ein negativ effekt på netto driftsresultat med dryge 12,8 mill.

Arbeidskapital ekskl. premieavvik er eit uttrykk for kommunen sin likviditet. Jo høgare tal, dess betre likviditet. Her kan kommunen vise til tal som er vesentleg høgare enn kommunegruppa, men det må presiserast at den bundne delen av

næringsfondet (17,8 mill.) og er inkludert i dette talet. Iveland ligg høgare enn Bygland, medan Åmli ligg under og Hægebostad sitt måltal er under halvparten av Bygland sitt.

Netto renteesponering i prosent av brutto driftsinntekter viser i kva for grad kommunen er sårbar mot rentesvingingar. Som ein ser, så er dette talet vesentleg lågare enn både Hægebostad, Åmli og gjennomsnittet for KOSTRA-gruppe 14, men høgare enn Iveland. At talet er negativt kan ha med korleis SSB reknar inn gjeld på sjølvkostområdet i dette måltalet.

Når det gjeld gjeldsbelastning ser ein at kommunen ligg vesentleg lågare enn Åmli, Hægebostad og KOSTRA-gruppa, men høgare enn Iveland. Kommunen ligg under sitt finansielle måltal på dette området, eit måltal som er i tråd med Statsforvaltaren si anbefaling (75 prosent). Dette måltalet blir berekna ved å dividere langsiktig gjeld på brutto driftsinntekter, så når driftsinntektene stiger betydeleg frå 2022 til 2023, gjer dette og at måltalet vert lågare, sjølv om ikkje kommunen hadde redusert gjelda si. Frå 2022 til 2023 har kommunen riktig nok redusert langsiktig gjeld med 7,5 mill. (kor av 0,3 mill. gjeld startlån). Noko av dette skuldast og investeringsprosjekt som har blitt utsett til 2024.

## 7.2 Utvikling i dei finansielle nøkkeltala 2021-2025

	Bygland				
	2021	2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter (%)	0,9	1,0	9,3	4,7	2,2
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter (%)	34,6	30,1	30,3	38,7	47,5
Netto renteesponering i prosent av brutto driftsinntekter (%)	12,9	8,1	-4,6	-7,3	-10,9
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktingar i % av brutto driftsinntekter (%)	91,9	78,9	54,0	61,2	61,4
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	88510	91758	89743	96970	102420
Fri eigenkapital drift (= disp. fond) i % av brutto driftsinntekter (%)	22,6	21,0	23,2	37,7	38,2
Brutto investeringsutgifter i % av brutto driftsinntekter (%)	4,0	3,6	4,4	3,8	2,9
Eigenfinansiering av investeringane i % av totale brutto investeringar (%)	48,7	11,8	81,2	16,3	33,8

Kommunen hadde nesten 4 mill. høgare inntekter frå integreringstilskot i 2024 enn i 2025, som er hovudårsaka til at netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter var over dobbelt så høgt i 2024 som i 2025. Integreringstilskota blir sett av til flyktningfond og blir ikkje brukt til å saldere ordinær drift, men har likevel innverknad på nivået for netto driftsresultat, sidan dette viser rekneskapsresultat før fondsdisponeringar. Hausten 2025 vedtok kommunestyret at måltalet for netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter skal vere minimum 1,75 %.

I 2025 gjekk måltalet for likviditet – arbeidskapitalen – betydeleg opp grunna auke i likviditeten. Likvide midlar har auka med nesten 16,5 mill. frå 2024 til 2025. Frie inntekter (skatt og rammetilskot) har for det meste auka i samsvar med nivået på deflator i perioden 2021-2022. Stabilt innbyggjartal i den perioden var i stor grad årsaka til det. Innbyggjartalet i 2023 gjekk kraftig opp, primært grunna flyktningar frå Ukraina, noko som gjorde at frie inntekter per innbyggjar blei, relativt sett, lågare enn i 2022, sidan i 2023 var det fleire innbyggjarar å dele inntekta på, som gir lågare inntekt per «hovud». Det er ikkje dermed sagt at kommunen sine samla frie inntekter gjekk ned i same grad. Sanninga er snarare at kommunen får relativt høg vekst i frie inntekter når innbyggjartalet gjeng opp. Frå 2023 til 2024 er innbyggjartalet redusert betydeleg, så då blir frie inntekter per innbyggjar betydeleg høgare enn i 2023. Innbyggjartalet har vore relativt stabilt i 2025, som vil seie at auka i frie inntekter per innbyggjar frå 2024 til 2025 er reell, og veksten har vore relativt høg (5,6 %) samanlikna med kostnadsveksten (4,1 %). Dette kan ha samanheng med den generelle satsinga på frie inntekter til kommunane som har vore i 2025 etter kommunane hadde eit økonomisk dårleg år i 2024, for gjennomsnittet for KOSTRA-gruppe 14 viser også ein høg vekst i frie inntekter per innbyggjar frå 2024 til 2025 (om lag 8 %).

Nivået på langsiktig gjeld frå 2021 til 2025 kan i nokon grad sjåast i samanheng med endringane i brutto investeringsutgifter, og nivået på brutto driftsinntekter. Høge brutto investeringsutgifter gjer at dette talet aukar, medan høge brutto driftsinntekter gjer at dette talet minkar. Talet i 2024 er ikkje fullt så høgt som i prognosane i økonomiplanen for 2024-2027, men dette er fordi faktiske brutto driftsinntekter alltid blir høgare enn budsjettert sidan ein ikkje budsjetterer med inntekter frå fráværerefusjonar. Det kan og leggjast til at hovudårsaka til at måltalet på langsiktig gjeld gjekk betydeleg ned i 2023, var

fordi inntektene var ekstraordinært høge. Om kommunen hadde hatt same inntekt i 2025 som i 2022, hadde måttalet for langsiktig gjeld vore litt over 75 prosent. Det er uvisst om det høge inntektsnivået vil vare, og med stadig stigande renter er det uansett ingen ulempe å halde langsiktig gjeld godt under måttalet på 75 prosent. Dette vil og gi meir kapasitet til investeringar i framtida, og økonomiplanen for 2026-2029 viser store behov i så måte.

Endring i nivået på disposisjonsfondet har primært samanheng med kommunen sitt økonomiske resultat det aktuelle året, og til dels om det er avsett store integreringstilskot til flyktningefondet, og om det har vore ekspansiv bruk av øyremerka disposisjonsfond (bygdebokfond, flyktningefond mv.). For talet «fri eigenkapital i prosent av brutto driftsinntekter» har kommunestyret vedteke eit måltal på 15 %, som blei gjeldande frå og med 2020. Ein ser no at kommunen ligg vesentleg over dette måttalet, men ein stor del av disposisjonsfondet er øyremerka til diverse formål, t.d. flyktningar (18,6 mill.) og auka pensjonsutgifter i framtida (18 mill.), for å nemne noko.

Variasjonen i kommunen si eigenfinansiering av investeringar skuldast mellom anna variasjonar i investeringstilskot, som per definisjon inngår som eigenfinansiering. Dette kan for eksempel vere spelemidlar. Kommunen har ikkje lagt opp til ein bestemt finansieringsstrategi når det gjeld eigenfinansiering av investeringar, men i samband med at kommunen hadde ekstraordinært høge inntekter i 2023, blei det budsjettert med overføring av midlar frå drift til investering, som gjer at dette måttalet er betydeleg høgare i 2023 enn andre år.

### 7.3 Utvikling i utvalte finansielle nøkkeltal 2025-2029 (prognose)

I dette avsnittet har ein valt å fokusere på utviklinga frå 2024 til 2028 i dei finansielle måttala som kommunestyret vedtok hausten 2025:

- Måltal for disposisjonsfond vert sett til minimum 15 % av driftsinntektene.
- Måltal for langsiktig gjeld vert sett til maksimum 75 % av driftsinntektene.
- Måltal for netto driftsresultat er minimum 1,75 % av driftsinntektene.

I dette delkapitlet har ein brukt prognosane i økonomiplanen for 2026-2029 som utgangspunkt. Det må presiserast at tala frå 2026 til 2029 er særst usikre, og dess lengre ut i perioden ein kjem, dess meir usikre er prognosane. Tala for 2025 til 2029 er som følgjer:

	2025	2026	2027	2028	2029
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter (%) – måltal = 1,75	2,2	-1,2	-0,1	1,0	2,7
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter (%) -- måltal = 75	67	80	84	88	91
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter (%) -- måltal = 15	30	27	27	28	31

Grønt indikerer at måttalet er nådd og vel så det, medan gult indikerer at kommunen er i nærleiken av måttalet, men det er ikkje heilt innfridd. Raudt indikerer at måttalet ikkje er nådd, og at kommunen er langt unna det. Stort behov for investeringar i økonomiplanen for 2026-2029 gjer at talet for langsiktig gjeld passerer måttalet i 2026. Netto driftsresultat er negativt i 2026 og 2027, og positivt i 2028 (rett nok under måttalet på 1,75 %) og 2029. Talet for disposisjonsfond blir redusert ein del frå 2025 til 2026, sidan det er budsjettert med eit negativt netto driftsresultat.

Merk at auka i netto driftsresultat og disposisjonsfond frå 2027 til 2029 fordrar betydelege rammekutt innanfor Helse og omsorg og Oppvekst og kultur.

## 8 Det kommunale næringsfondet

Som det følgjer av § 6 i kommunen sine næringsfondsvedtekter, skal det leggjast fram ei melding om næringsfondet si verksemd for kommunestyret kvart år, som ein integrert del av kommunen si årsmelding. Kommunen sitt næringsfond består av ein grunnkapital på kr 17.780.000 som må stå urørt:

Konsesjon	Beløp
Otteraaens Brugseierforening	1.000.000
Sira-Kvina (Sira-Kvina Kraftselskap)	30.000
Hekni kraftverk (Agder Energi AS)	1.000.000
Overføring av deler av Heisvassdraget til Hovatn (Otteraaens Brugseierforening)	500.000
Byglandsfjordkonsesjonen	15.250.000
<b>Samla fondskapital</b>	<b>17.780.000</b>

Disponeringa av næringsfondet i 2025 følgjer av tabell på neste side. Talet nesten nedst i tabellen (kr 50.666) viser *netto avsetning* til næringsfondet i 2025, dvs. inntekter til næringsfondet (renteinntekter og konsesjonsavgifter) trekt frå kostnader knytte til bruk av næringsfondet. Dette aukar den ubundne kapitalen av fondet med kr 50.666 i løpet av 2025.

Den samla bruken av fondet er heilt i samsvar med budsjett. Dei feilbudsjetteringar som vore, kor kostnadane har blitt høgare enn budsjettert, har blitt kompensert av at bruken har vore lågare på andre område.

Under posten planarbeid inngår flaumkartlegging, skredfareutgreiing, reguleringsplan Byglandsfjord og juridisk kontroll av kommuneplanen sin arealdel.


<u>Disponering næringsfond</u>	<u>Regnskap</u>	<u>Budsjett</u>
<b>IB pr 1.1.</b>	<b>19 713 400</b>	
<b>Årets tilgang:</b>		
<i>Konsesjonskraftavgift</i>	3 836 521	3 800 000
<i>Renteinntekter</i>	914 145	900 000
<b>Sum tilgang</b>	<b>4 750 666</b>	<b>4 700 000</b>
<b>Årets bruk:</b>		
<i>Tilskot til Setesdal Regionråd</i>	1 300 000	1 300 000
<i>Tilskot til turistinformasjon</i>	110 000	110 000
<i>Tilskot til Norsk Landbruksrådgiving Agder</i>	30 000	30 000
<i>Tilskot til Bygland Sikringsradiolag (avtale om drifting)</i>	-	10 000
<i>Landbrukstilskot</i>	1 372 871	1 100 000
<i>Bjoren</i>	208 200	200 000
<i>Tilskotsordning badstovar</i>	-	400 000
<i>Omstillingsprogrammet, kommunal andel</i>	500 000	500 000
<i>Planarbeid</i>	510 650	500 000
<i>Næringsutvikling – andel lønn</i>	230 000	230 000
<i>Avdrag langsiktig gjeld til samfunnsutvikling</i>	388 279	320 000
<i>Næringstilskot: Skogmaskinfond KVS Bygland</i>	50 000	-
<b>Sum bruk</b>	<b>4 700 000</b>	<b>4 700 000</b>
<i>Investering</i>	-	-
<b>Netto avsetning</b>	<b>50 666</b>	<b>-</b>
<b>Saldo pr 31.12</b>	<b>19 764 066</b>	
<b>Bunden kapital</b>	<b>17 780 000</b>	
<b>Ubunden kapital pr 31.12</b>	<b>1 984 066</b>	

## 9 Organisering, likestilling og personale

### 9.1 Organisering og overordna mål

#### Organisasjonskart:

Dette er organisasjonskartet per 31.12.25:



Frå siste omorganisering 01.08.2025 er kommunen organisert med følgjande kommunalområde:

- Samfunn
- Oppvekst og kultur
- Helse og omsorg
- Økonomi
- Organisasjon og HR

Aktivitet og mål er forankra i vedteken kommuneplan, og går fram av vedteke budsjett/ økonomiplan.

Slagordet for Bygland er

*“Med hjarta i Bygland”*

## 9.2 Sjukefråvær

Sjukefråveret i 2025 har vore på 9,51 % gjennomsnittleg for heile kommunen, I 2023 og 2024 var dette talet høvesvis 8,97 % og 10,57%. Einingane med flest tilsette, dvs. Helse og omsorg og oppvekstsektoren, har eit høgt fråver.

Fråværstyper	Korttidsfråvær	Langtidsfråvær
Organisasjon og HR, Økonomi og kommunedirektør	1,42 %	6,53 %
Oppvekst og kultur	1,79 %	9,16 %
Helse og omsorg	1,79 %	7,44 %
Samfunn	0,82 %	7,29 %

## 9.3 Forhandlingar

I 2025 var det lokale forhandlingar heimla i HTA kap. 3.4 og 5,.1 samt det vart avsatt ein pott til lokale forhandlingar i HTA kap. 4.2.1 Det blei ikkje brot i forhandlingane.

## 9.4 Likestilling, diskriminering og mangfald

Bygland kommune ønskjer at kommunens tilsetja skal spegla samansetninga til befolkninga. Det er ikkje sett i verk særskilte tiltak utanom det som alt fins i personalhandboka.

Alle arbeidsgivarar har ei lovpålagd plikt til å jobba aktivt, målretta og planmessig for å fremja likestilling og hindra diskriminering. Det er eit krav om og kartleggja lønnsforhold fordelt etter kjønn og bruken av ufrivillig deltidsarbeid.

Bygland kommune har p.t. ikkje oppfylt si aktivitetsplikt. Dette er mellomanna pga. litt stort arbeidspress og lite ressursar.

- Tilsetjing (HTA §§2.2 og 2.3 og AML kap. 14).
- I leiande stillingar der eit av kjønna er underrepresentert vil ein ved tilsetjingar føretrekkje det kjønn som er underrepresentert dersom søkjarane elles står kvalifikasjonsmessig likt.

### **Kjønnsfordeling i leiargruppa per 31.12.25**

- Ny kommunalsjef for oppvekst og kultur som er kvinne, har oppstart 1.1.2026. Ny kommunalsjef for organisasjon og HR hadde oppstart 1.11.2025. Det betyr at toppleiargruppa består av 4 kommunalsjefar pr 31.12.2025, alle menn.
- Helse og omsorg har tre avdelingsleiarar, alle kvinner.
- Oppvekst og kultur har to rektorar og to barnehagestyrarar, alle kvinner.
- Samfunn har to arbeidsleiarar, ein av kvart kjønn

	<b>% kvinner</b>	<b>% menn</b>
<b>Totalt</b>	<b>62%</b>	<b>38%</b>

### **Generelle tiltak**

- Tilsetjing (HTA §§2.2 og 2.3 og AML kap. 14).
- I stillingsgrupper som er underrepresentert av eit kjønn vil ein ved tilsetjingar føretrekkje det kjønn som er underrepresentert dersom søkjarane elles står kvalifikasjonsmessig likt.
- At flest mogeleg som ynskjer det skal få utvida stillingane sine til 100% stilling.
- Kartlegge dei tilsette sine interesser for auke stillingsbrøken sin til 100%. (også på tvers av einingane).

- Når stillingar skal lysas ut, forsøk i størst mogleg grad å lyse dei ut som heile stillingar.
- Vurdere om turnus eller arbeidstidsordning kan reorganiserast med enkle grep for å auke talet på heile stillingar.

### **9.5 Medarbeidarundersøking 2025**

For Bygland kommune er kvar enkelt medarbeidar avgjerande for at me skal nå våre mål. Som ledd i utviklinga av medarbeidarane og verksemda samla sett, ønskjer me å arbeida systematisk med betringar. Vi ønsket difor å betra innsikta i kor me stod, og bli vurdert i forhold til andre gode verksemdar.

På grunn av sein oppstart for kommunalsjef organisasjon og HR, samt nokre innføringsutfordringar, måtte medarbeidarundersøkinga utsetjast til mars 2026.

## 10 Interkommunale samarbeid

Kommunen deltek i eit utvida omfang av interkommunale samarbeid, sjå oversikt under. Samarbeid kommunen er vertskommune for, er skildra kort under tabellen.

	Type verksemd	Type eining	Vertskommune
Agder kommunerevisjon IKS	Revisjon	IKS	Kristiansand
Setpro AS	Arbeidsopplæring og tilrettelegging	AS	Evje og Hornnes
Setesdal Miljø & Gjenvinning IKS	Renovasjon	IKS	Evje og Hornnes
Setesdal Brannvesen IKS	Brannvern og brannberedskap	IKS	Evje og Hornnes
Konsesjonskraft IKS	Distribusj. og handel med elektrisitet	IKS	Valle
Agder Sekretariat (§ 27)	Sekretær kontrollutval	Usjølvstendig § 27-samarbeid	Kvinesdal
Aust Agder museum og arkiv IKS	Museumsdrift	IKS	Arendal
IKT Agder	IKT	IKS	Arendal
Setesdalmuseet Eigedom IKS	Eigar av museumseigedom	IKS	Valle
Setesdal interkommunalt politiske råd	Regionråd	Sjølvstendig § 18-1-samarbeid	Valle
Byglandstunet AS	Eigedomsforvaltning	AS	Bygland
Syrteit Næringsområde AS	Eigedomsforvaltning	AS	Evje og Hornnes
Verd Investering AS	Næringsutvikling	AS	Arendal
Etablerersenteret IKS	Næringsutvikling	IKS	Kristiansand
OFA IKS	Offentlig anskaffing	IKS	Kristiansand
IUA Midt-Agder	Beredskap mot forureining	Usjølvstendig § 27-samarbeid	Kristiansand
NAV Midt-Agder	NAV	Vertskommunesamarbeid	Vennesla
Setesdal barnevern	Barnevern	Vertskommunesamarbeid	Valle
Setesdal PPT	PPT	Vertskommunesamarbeid	Valle
Jordmor	Jordmor	Vertskommunesamarbeid	Bygland
LMT	Lokalmedisinske tenester	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Legeteneste inkl. legevakt og KØH	Legekontor, legevakt, KØH	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Sekretariat, vassdragsstyret i Ø. Otra	Vassdragsstyre	Vertskommunesamarbeid	Bygland
Vassdragskoordinator Otra	Vassdragsforvaltning	Vertskommunesamarbeid	Bygland
Veterinærtjeneste	Veterinærtjeneste	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Veterinærvakt	Veterinærvakt	Vertskommunesamarbeid	Valle og E&H
Kulturskule	Kulturskule	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Utviklingssenter omsorgstenester	Helse- og omsorgsteneste	Vertskommunesamarbeid	Grimstad
Skogbrukstenester	Skogbruk	Sal av teneste	Bygland
Krisesentertjenester	Krisesenter	Sal av teneste	Kristiansand
Driftsassistanse i Aust-Agder SA	Vassverk og avløpsanlegg	Sal av teneste	Seljord

### 10.1 Jordmor

Bygland kommune er vertskommune for jordmorsamarbeid mellom Evje og Hornnes kommune og Bygland kommune.

### 10.2 Vassdragsstyre øvre Otra

Vassdragsstyret for øvre Otra er eit organ som har til føremål å arbeide for samarbeid, fleirbruk og berekraftig forvaltning av øvre Otra. Bygland kommune er vertskommune for dette organet og kommunen sin fiske- og vassdragsrådgjevar (fiskebiolog) er sekretær.

### 10.3 Vassområdekoordinator for Otra

For å sikre at arbeidet i Otra vassområdet blir opp følgd i tråd med vassforskrifta vart det inngått ein samarbeidsavtale om tilsetting av ein felles vassområdekoordinator for vassområdet. Samarbeidet blir òg oppretta i tråd med nasjonale føringar der det blir anbefalt tilsetting av felles vassområdekoordinator. Det er sett av 1 mill. årleg til denne stillinga, kor sju kommunar dekkjer totalt 39 %, medan fylkeskommunen dekkjer 61 %.

### 10.4 Skogbrukstenester

Det er felles skogbrukssjef for Bygland, Valle og Bykle kommunar i 100 % stilling, kor Bygland er kontorstad for stillinga.

## 11 Etisk standard og internkontroll

### 11.1 Generelt

Bygland kommune nyttar kvalitetssikringssystemet Compilo for å ta hand om internkontrollen. Her blir avvik registrert når dei oppstår og systemet syter for ei sikker oppfølging av desse avvika. Kommunen jobbar kontinuerleg med å overhalde lover og forskrifter, og avvik vert registrert og følgd opp.

Det er fleire forhold dei ulike einingane må ta omsyn til i den daglege drifta med tanke på etikk. Det gjeld ordinære lover og forskrifter. Oppvekst har eigne mobbeplanar og utdanningsforbundet har ein eigen etisk plattform som bind medlemmane. Innanfor Helse og omsorg blir det kvar veke tatt stikkprøver for sikre gode tilgangs-rutinar til pasientjournalane. 2 tilfeldige tilsette sjekkar i forhold til oppslag i pasientjournalane.

Når det gjeld innkjøp er fleire personar involvert i innkjøpsprosessane og fakturabehandlingane for å ivareta internkontrollen. Kommunen er med i felles innkjøpsordning gjennom OFA (offentlige anskaffelser Agder) for å trygge innkjøpsprosessen og oppnå gunstige prisar. Dei som har tilgang til bankkontoane har ikkje høve til å tilvise bilag til utbetaling, dette for å sikre internkontrollen. I tillegg blir alle bilag attestert og tilvist av ulike personar. Bankkontoane blir avstemde kvar månad, og avstemminga blir kontrollert av overordna. Kommunen vedtok sitt første innkjøpsreglement i september 2021.

Ein syner òg til personalhandboka, kor mellom anna leiarverdiane i kommunen som legg føringar for leiarane i høve etikk og kontroll er omtala. Kommunen sitt økonomireglement er i utgangspunktet utdatert, men det er framleis fleire av føringane i reglementet som er like relevante no som då reglementet blei skrive, mellom anna knytte til økonomirapporteringar (tertialrapportar) og innkjøp (anvisning og attestasjon mv.). Ein tek sikte på å oppdatere reglementet seinast innan 2026.

Kommunen har også eit etikkreglement (vedteke i 2019), som er retta mot tilsette og folkevalde, som inkluderer m.a. tema som profesjonalitet (ærlegdom, likehandsaming, lojalitet, omdøme, teieplikt mv.), openheit og dialog, interessekonflikar (habilitet), gåver/representasjon, pengar og egedelar, innkjøp, arbeidsmiljø og varsling. Etikkreglementet finst og som samandrag i «plakat-format» som vert hengt opp synleg i kommunen sine einingar/avdelingar. Kommunen har i tillegg eigne retningslinjer for habilitet for å førebygge at det vert gjort transaksjonar mellom nærstående parter. Retningslinjene er retta mot, og ansvarleggjer, tilsette og folkevalde i kommunen med omsyn til habilitetsreglane i forvaltningslova. På generelt grunnlag, så arbeider kommunen kontinuerleg for å oppnå så høg grad av internkontroll og etisk standard som mogleg.

### 11.2 Tilsyn i løpet av året

#### ***Tilsyn frå Arbeidstilsynet på Bygland skule***

15.10.24 blei det sett i gong tilsyn på Bygland skule. Arbeidstilsynet utførte tilsynet, som bestod av følgjande hovudtema:

- Korleis skulen kartlegg og vurderer risiko for muskel- og skjelettplager og/eller psykiske plager
- Handlingsplanar med tiltak som reduserer risikoen for slike plager
- Rutinar for å melde og handtere HMS-avvik
- Korleis skulen sikrar medverknad frå arbeidstakarane
- Korleis skulen bruker bedriftshelsetenesta aktivt og førebyggjande

Skulen fekk pålegg om å kartlegge og risikovurdere, og å utarbeide planar og tiltak på muskel- og skjelettplager, psykiske plagar samt vald og trugslar og avviksrutine. Alle pålegg er imøtekomne og tilsynet er lukka. Skulen har fått på plass dette i sine internrutinar.

## 12 Befolkningsutvikling

### 12.1 Folketal etter grunnkrets for åra 2000 og 2017-2026

Grunnkrets	2000	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Byglandsfjord	390	393	404	396	385	379	368	365	390	371	383
Grendi	179	126	115	114	109	100	107	106	119	119	115
Årdal Vestside	14	15	15	16	14	13	13	13	14	14	13
Longerak	51	39	43	43	42	42	41	40	40	40	44
Lauvdal	39	35	32	32	30	30	31	27	26	27	28
Bygland	287	267	274	280	273	269	260	271	282	278	273
Bygland Vestside	1	5	5	5	5	3	3	3	3	3	3
Jordalsbø/Lidi	98	87	88	84	79	81	82	81	80	86	88
Skomedal	24	24	24	22	22	23	20	19	16	16	19
Frøysnes	13	10	9	7	7	7	8	9	9	9	7
Sandnes/Åraksbø	87	75	76	68	70	73	73	80	81	82	79
Austad Austside	80	65	63	64	70	69	72	73	70	71	69
Ose/Moi	32	20	23	24	23	22	26	26	25	22	21
Langeid/Heggland/Tveit	39	28	35	35	30	28	27	22	25	24	25
Langeid/Heggland/Tveitheiene		9									
Austad Austhei	1										
Uoppgjve grunnkrets	16	2	1	2	3	3	3	1			
<b>Totalt:</b>	<b>1351</b>	<b>1200</b>	<b>1207</b>	<b>1192</b>	<b>1162</b>	<b>1142</b>	<b>1134</b>	<b>1136</b>	<b>1180</b>	<b>1162</b>	<b>1167</b>

Tala er henta frå tabell 04317 hos SSB (befolkning etter grunnkrets). Tabellen viser innbyggjartala per grunnkrets per 1.1 i dei respektive åra. År 2000 er teke med for å vise utviklinga over lengre tid. Frå 2018 til 2022 er det ein dramatisk nedgang på 73 innbyggjarar. Frå 2022 til 2024 er det ei auke på 56 innbyggjarar, kor av 48 av desse er flykningar frå Ukraina.

### 12.2 Befolkningsprofil

#### Befolkningsprofil Bygland 2021-2025:

	2021	2022	2023	2024	2025
Innbyggjarar (antall)	1134	1136	1180	1162	1167
Fødde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	6,2	4,4	7,6	6,0	9,4
Døde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	15	21,2	9,3	16,4	12,9
Netto innflytting (antall)	2	23	46	-6	10
Andel einslege innbyggjarar 80 år og over (prosent)	60,7	60,4	58,5	58,2	54,5
Andel uføretrygda 18-66 år	19,0	20,3	20,0	19,9	20,0

Tal per 31.12.25, henta frå tabell 11820, «Utvalte nøkkeltal befolkningsprofil», hos SSB. I 2021 og 2022 hadde Bygland kommune flest døde og færrest fødde per 1000 innbyggjarar blant kommunane i Agder. I 2023 auka dette talet på fødde per 1000 innbyggjarar til 7,6, men det var likevel berre fire kommunar i Agder som hadde eit lågare tal enn Bygland på dette området. I 2024 var dette talet 6,0, nest lågast etter Valle kommune. Valle hadde til gjengjeld det høgaste talet i Agder (14,1) i 2023. Med 9,4 fødde per 1000 innbyggjarar er Bygland på 14. plass i Agder i 2025. Høgast i Agder i 2025 er Vennesla på 13,8, følgd av Vegårshei (12,9), Valle (12,4) og Hægebostad (12,3).

Når det gjeld talet på døde per 1000 innbyggjarar hadde Bygland det soleklart høgaste talet i Agder i 2024 med 16,4. Hægebostad var nummer to på 12,9 og Valle låg på 12,4. Dette har heldigvis betra seg i 2025, kor dette talet var 12,9 for Bygland, men det var likevel såpass høgt at det berre er to kommunar i Agder som ligg høgare, Valle (14,9) og Åseral (17,7).

### Befolkningsprofil Bygland samanlikna med andre kommunar 2024:

	Åmli	Iveland	Bygland	Valle	Bykle	Åseral	Hægebostad
Innbyggjarar (antall)	1778	1399	1162	1205	1039	915	1786
Fødde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	6,2	10,7	6,0	5,0	8,7	6,6	9,0
Døde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	9,6	6,4	16,4	12,4	5,8	8,7	12,9
Netto innflytting (antall)	-18	13	-6	8	26	-10	17
Andel einslege innbyggjarar 80 år og over (prosent)	64,5	63,3	58,2	57,9	75,6	65,3	64,9

Tal per 31.12.24. Bygland har tok imot 32 flyktningar frå Ukraina i 2023 (16 i 2022). I 2024 var dette talet null. Det er likevel verdt å merke seg at desse er inkludert i «netto innflytting» og difor kan ha stor påverknad på kommunane sine tal på dette området.

### 13 KOSTRA: Andre nøkkeltal

I dette delkapitlet viser ein KOSTRA-tala for dei største einingane i kommunen; oppvekst, helse og pleie og omsorg. Totalt utgjer desse einingane om lag 70 prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter. Det er viktig å merke seg at desse tala *kan* innehalde rapporteringsfeil. Elles så skal ein og vere forsiktig med å leggje for mykje vekt på å samanlikne tala mellom ulike kommunar direkte, då f.eks. demografi kan ha mykje å seie for korleis ein kommune vel å prioritere. For små kommunar kan og mindre endringar i antal utgjere store utslag på statistikkane frå år til år.

#### 13.1 Nøkkeltal oppvekstsektoren

I dette avsnittet har ein inkludert nøkkeltal for barnehage (øvrste del av tabellen under), skule (midtre del) og barnevern (nedste del).

	Åmli	Iveland	Bygland	Hægebostad	Kostragr. 14
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggjarar 1-5 år (%)	90,9	86,4	87,8	88,7	91,4
Andel barnehagelærarar i forhold til grunnbemanning (%)	48,3	44,7	61,1	42,5	38,9
Netto driftsutgifter barnehagar i % av kommunens totale netto driftsutgifter	10,7	15,2	8,8	11,1	10,3
Netto driftsutgifter barnehagar, per innbyggjar 1-5 år (kr)	296 169	354 926	275 286	235 711	273 989
Årstimar til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring	45,6	40,6	57,1	28,5	29,0
Årstimar til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	139,7	269,2	139,4	102,6	155,4
Elever i kommunale og private grunnskolar som får særskilt norskoppl. (%)	4,7	9,5	5,9	2,4	7,5
Elever i kommunale og private grunnskolar som får spesialundervisning (%)	14,6	9,0	7,6	6,0	7,6
Gjennomsnittleg grunnskolepoeng (antall)	40,8	42,8	46,2	46,1	42,2
Netto driftsutgifter grunnskolesektor i % av samla netto driftsutgifter (%)	22,0	22,4	24,3	24,8	21,8
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor per innbyggjar 6-15 år (kr)	217 754	202 971	324 008	217 281	163 131
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år (%)	3,5	1,8	5,6	0,8	3,7
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år (%)	3,5	2,1	6,6	:	4,0
Brutto driftsutgifter per barn som ikkje er plassert av barnevernet (kr)	79 143	52 200	273 692	102 000	82 401
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (kr)	570 286	0	875 833	306 667	582 156
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-24 år (kr)	18 070	9 053	38 975	7 157	13 860
Barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-24 år (%)	3,0	2,5	6,9	0,9	3,1


Tala er henta frå tabellane 13502 (barnehage), 12255 (grunnskule) og 12280 (barnevern) hos SSB. Når ein samanliknar med gjennomsnittet for kommunegruppa, ser ein at Bygland ligg vesentleg over når det gjeld netto driftsutgifter per innbyggjar i relevante aldersgrupper til både grunnskule og barnevern, men berre litt over når det gjeld barnehage. Når det gjeld grunnskule og barnevern, er kommunens utgifter også vesentleg høgare enn Åmli, Iveland og Hægebostad kommunar. Viss ein ser på netto driftsutgifter per innbyggjar (utan å avgrense til utvalte aldersgrupper), ligg kommunen tredje høgast i landet når det gjeld barne, og 17. høgast i landet når det gjeld grunnskule.

### 13.2 Nøkkeltal helse- og omsorgstenester

	Åmli	Iveland	Bygland	Hægebostad	Kostragr. 14
Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester per innbyggjar (kr)	68 798	43 765	56 881	56 171	60 283
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggjar (årsverk)	542,9	298,0	504,7	476,6	477,2
Netto driftsutgifter til omsorgstenester i % av kommunens samla netto driftsutgifter	35,5	20,9	35,5	35,9	34,7
Andel innbyggjarar 80 år og over som bruker heimetenester (prosent)	46,5	42,6	29,1	31,7	33,2
Andel brukarar av heimetenester 0-66 år (prosent)	36,6	45,2	45,2	38,6	40,0
Andel innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på sjukeheim (prosent)	6,9	..	14,5	10,9	10,4
Netto driftsutgifter til kommunehelsetenesta i % av kommunens samla netto driftsutg.	6,8	8,3	4,9	6,6	7,4
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggjarar (årsverk)	16,6	10,1	7,7	11,1	18,9
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggjarar (årsverk)	16,6	12,3	6,9	11,1	12,5
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skulehelsetenesta per 10 000 innb. 0-20 år	74,7	65,6	187,2	102,2	70,9

Tala er henta frå tabell 12209 hos SSB. Kommunen har litt lågare driftsutgifter per innbyggjar enn kommunegruppa og Åmli, ganske likt med Hægebostad, og høgare enn Iveland. Når ein studerer endå meir detaljerte tabellar hos SSB (for eksempel tabell 12362), vil ein sjå at det er spesielt innanfor legetenesta kommunen har vesentleg lågare utgifter enn kommunegruppa, medan dei andre tenesteområda, med omsorgstenester i institusjon og heimetenester som dei største, har ein del høgare utgifter enn kommunegruppa.

Når det gjeld årsverk, så ligg kommunen over kommunegruppa når det gjeld helse og omsorg og helsestasjons- og skulehelsetenesta. Fysioterapeutårsverk ligg kunstig lågt fordi kommunen kjøper fysioterapitenesta eksternt. Elles viser ein til tala i tabellen.



## **DEL 2 – OPPFØLGING AV HANDLINGSDEL PER KOMMUNALOMRÅDE 2025-2028**

### **1 Innleiing**

Satsingsområda og måla nemnt i dette kapitlet er henta frå kommuneplanen sin samfunnsdel for 2025-2036, og er skrive i dei røde, blå og gule tekstboksane, kor fargane er kopla til dei sidene i samfunnsdelen som har dei same fargane. Tiltaka under kvart kapittel, samt skildring av desse, er henta frå handlingsdelen for 2025-2028, og er skrive i kursivert tekst. Gjennomføring av tiltaka skal føre til at kommunen arbeidar mot å nå måla sett i samfunnsdelen. «Kommentar 2025» er ei skildring av kva som har blitt gjort innanfor det aktuelle tiltaket i 2025.



## 2 Kommunalområde: Organisasjon og HR

Satsingsområde 1 - Eit attraktivt og robust samfunn

Mål: I Bygland er alle trygge og inkludert i samfunnet

**Informere i sosiale media og andre informasjonskanalar om tilbod, tenester og prosjekt med fokus på klarspråk**  
**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Vi skal auke kompetansen innan informasjonsarbeid og ha fokus på målgrupper i kommunikasjonen, både internt og eksternt. Kommunen sin omdømmestrategi skal legge overordna føringar for dette arbeidet. Forbetring av den interne kommunikasjonen, mellom anna ved å implementere intranett på ny plattform, vil og vere ein del av dette arbeidet.

**Kommentar 2025:** Bygland kommune har i om lag 12 månader hatt ein person tilsett i ei 40 % prosjektstilling som har arbeidd med å oppdatere kommunen si kommunikasjon, både internt via intranettet og eksternt gjennom heimesida og ulike sosiale medium. Dei fleste nyhende på intranettet har hatt mellom 70 og 100 visingar.

Heimesida skal vere den viktigaste kommunikasjonsplattforma eksternt, men kommunen har også vore representert på Facebook, Instagram og LinkedIn. Mot slutten av 2025 vart det vurdert om appen Friskus kan erstatte nokre av desse plattformene framover. Det er viktig å arbeide aktivt med kommunikasjon, men det krev også ressursar å halde alle plattformene kontinuerleg oppdaterte.

Satsingsområde 3 – Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida

Mål: Bygland kommune har god tilgang på rett kompetanse

**Utnytte potensialet i ordninga Varig tilrettelagt arbeid/VTA**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Behovet for arbeidskraft vil auke framover. Gjennom å nytte restarbeidsevne så aukar vi kapasiteten og fleire får moglegheit til å delta i arbeidslivet. Organisasjon og HR får eit overordna ansvar for at kommunen har fokus på dette.

**Kommentar 2025:** Varig tilrettelagd arbeid er eit tilbod som kan vere aktuelt for dei som har uføretrygd, eller som i nær framtid forventar å få uføretrygd, og som treng særskild tilrettelegging og oppfølging. Dei som deltek i tiltaket varig tilrettelagd arbeid, får ein arbeidskontrakt på lik linje med andre arbeidstakarar etter arbeidsmiljølova. Tiltaket er meint å bidra til å utvikle ressursane til deltakarane gjennom tilrettelagde arbeidsoppgåver som inngår i produksjon av varer og tenester. Før slike avtalar kan inngåast, må Nav gjennomføre ei vurdering av moglegheiter og behov for den enkelte deltakar.

Bygland kommune har ein god dialog med Nav, der ulike Nav-ordningar blir tekne opp, også VTA. Eitt av dei vanlegaste tema er tilrettelegging og oppfølging både for sjukmelde og for personar som har fått innvilga arbeidsavklaringspengar.

### **Etablere kommunale lærlingplassar/praksisplassar der det er behov**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Vi skal prioritere opplæring av fagfolk for å møte framtida sine behov til kompetanse. Gjennom å tilby lærlingplassar/praksis-plassar så får vil tilgang til oppdatert kompetanse og moglege framtidige tilsette. Organisasjon og HR har ansvar for dette.

**Kommentar 2025:** Bygland kommune tilbyr lærlingeplassar basert både på søkjarar og moglegheita for rettleiing. Kommunen har også inngått ei direkte avtale med Nav om ein praksiskandidat som gjennom eit samarbeid mellom Nav og Bygland kommune får høve til å gjennomføre eit fagbrev.

Bygland kommune undersøker òg moglegheitene for å nytte ordninga «Fagbrev på jobb», som er retta mot vaksne ufaglærte i arbeid som ønskjer fagbrev og har fullført grunnskulen, i tillegg til kandidatar gjennom ordninga «Menn i helse» etter førespurnad. Det har utvikla seg fleire vegar til fagbrev, og tilsette i ulike aldrar har òg fullført fagbrev medan dei har arbeidd i Bygland kommune.

Mål: Bygland kommune skal vere ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar

### **Ny arbeidsgivarstrategi**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Arbeidsgivarstrategien i kommunen har fleire formål knytte til å utvikle, tiltrekkje og behalde kvalifiserte tilsette, og den bidreg til at kommunen når sine langsiktige mål. Strategien set retningslinjer og mål for korleis kommunen vil vere som arbeidsgjevar, og omfattar ofte område som rekruttering, kompetanseutvikling, arbeidsmiljø, medarbeidaroppfølging og tilrettelegging for inkludering og mangfald.

Ein arbeidsgjevarstrategi er veldig viktig for kommunen fordi han skal bidra til rekruttering og bemanning, kompetanse- og karriereutvikling, eit godt arbeidsmiljø og trivsel, omstilling og innovasjon, attraktivitet og godt omdømme. Dette blir derfor eit veldig sentralt arbeid for kommunen som organisasjon i 2025. Organisasjon og HR har hovudansvaret for arbeidet med denne.

**Kommentar 2025:** Bygland kommune skal vere ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar, og ein god arbeidsgjevarstrategi skal liggje til grunn for dette. Det har vore byte av kommunalsjef for organisasjon og HR i løpet av 2025, og dette arbeidet har difor ikkje kome så langt som håpa. Det er oppretta ei partssamansett gruppe som gjennomgår retningslinjer, rettleiingar og rutinar. Dette arbeidet skulle gjerne hatt større framdrift, men må balanserast mellom utvikling og drift.

### **Forenkling av kvardagen med utgangspunkt i digitalisering generelt, og vidareutvikling av fagsystem (delt ansvar med alle einingar)**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** HR-portalen er framleis i ein innkøyringsfase. Tilsette er ikkje fullt opplært i systemet, og det tek tid å lære opp heile organisasjonen i eit så omfattande og sektorovergripande system. Når ein har kome lenger i opplæringa, vil målet bli å utnytte alle moglegheitene og funksjonane som ligg i systemet, for å sørge for ein enklare og meir effektiv kvardag. Dette gjeld også for andre fagsystem Organisasjon og HR og Økonomi og administrasjon har ansvar for i dag.

Det vil og vere behov for å oppgradere fagsystem når det er føremålstenleg, eller når det er behov for å ha systema ut på anbod. Det er og eit kontinuerleg arbeid å vedlikehalde dei systema ein har i dag, og for eksempel i samband med omorganiseringar er det ein del arbeid å tilpasse fagsystema etter ny organisering. I 2025 vil ein prioritere innføring av ny kompetansemodul (Dossier), som Organisasjon og HR har ansvar for, og omstrukturere avviks- og kvalitetssystemet Compilo i samsvar med ny organisering. Dette er eit arbeid begge kommunalområda i staben tek del i.

Det å tilpasse fagsystema etter den nye organiseringa i 2025 er eit kontinuerleg arbeid. Kompetansemodule «Dossier» kan sjåast i samanheng med ein god arbeidsgjevarstrategi. Ved å ha god oversikt over kompetansen ein har, kan ein planleggje drift, framtidige kompetansebehov og heving av kompetanse. Bygland kommune deltek på fagsamlingane via IKT Agder.

«Dossier» kan koplast saman med KS Kunnskap. KS Kunnskap tilbyr ei felles kurskatalog for alle brukarar av løysinga. Her kan vi samle kurs frå tredjepartsleverandørar, kurs som kommunar har produsert og som er relevante for andre kommunar, og kurs vi har utvikla i fellesskap. Dette er eit nøysamt arbeid som, grunna langtidsfråvær, har hamna hos kommunalsjef for organisasjon og HR.

Bygland kommune har ei gruppe med superbrukarar og systemansvarlege som arbeider kontinuerleg med oppsett og innhald i Compilo. Gruppa er samansett av tilsette frå dei fleste kommunalområda. Ho har arbeidd med digitaliseringa av protokollane for databehandling. Det er for tida 144 dokument som burde vore reviderte, og arbeidet med dette burde naturleg nok ha kome lenger. Dei fleste som har ei funksjon i Compilo, har dette som ein liten del av sine arbeidsoppgåver.

#### **Lokalisering av tilsette på kommunehuset (delt ansvar med Økonomi)**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** *Tilsette på kommunehuset sit veldig spreitt slik det er i dag, også tilsette som høyrar til same kommunalområda. For eksempel Økonomi og administrasjon sine tilsette sit i to ulike etasjar. Målet på kort sikt er å samlokalisere dei tilsette i Økonomi og administrasjon i større grad enn slik det er i dag. På lengre sikt kan det vere aktuelt å sjå på større fysiske endringar på kommunehuset, men det vil i så fall innebære større investeringar som ikkje er teke høgde for i dette budsjettet. Merk likevel at utgifter til tiltak som gjeld kommunehuset, ligg i det 100 % kommunalt eigde aksjeselskapet Byglandstunet AS. Ei større endring som vil bli prioritert, er å utbetre ventilasjonsanlegget, sidan fleire av kontora blir veldig varme om sommaren.*

**Kommentar 2025:** I løpet av året blei dette tiltaket utvida til å gjelde alle tilsette på kommunehuset. Det er utarbeida ei skisse på kor dei ulike kommunalområda skal ha kontor plass, og innspel, medverknad og gjennomføring er planlagt i løpet av første halvår i 2026. Det er berre små ombyggingar som er naudsynt for å kunne plassere dei tilsette per kommunalområde slik som ønska.

### 3 Kommunalområde: Økonomi

Satsingsområde 3 – Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida

Mål: Bygland kommune har god tilgang på rett kompetanse

#### **Gjennomgang av kommunen sine aksjeselskap**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Kommunen har fleire aksjeselskap. I 2025 vil ein ta ein gjennomgang av desse selskapa og kome fram med ei anbefaling om kva for selskap som bør bestå.

**Kommentar 2025:** Det er vedteke å leggje ned Bjoren AS grunna manglande behov for selskapet slik drifta av Bjoren er no. Ein har og, langt på veg, skrive ei sak kor ein gjer vurderingar knytt til framtidig behov for Byglandstunet AS. Etter planen kjem denne opp til politisk handsaming innan 2026. Glashytta Eigedom AS (som leiger ut til Stoga AS) har kommunestyret bestilt ei eiga sak om (saman med Brygga).



#### 4 Kommunalområde: Oppvekst og kultur

##### Innleiing

**Oversikt over barne- og elevtal pr 31.12.25 i alderen 0-16 år: 196 stk**

2025-2026	Barnehage	SFO	Barneskule	Ungdomsskule
<b>Byglandsfjord</b>	20	15	41	
<b>Bygland</b>	24	19	39	35
<b>Totalt barnetal i Bygland kommune</b>	<b>47</b>	<b>34</b>	<b>80</b>	<b>35</b>

##### **Ungdomsklubben**

Klubben har opent to dagar i veka. Måndag er det Juniorklubb for 5.-7. trinn frå kl.15.00-17.45. Onsdag er det ungdomsklubb for 8.trinn-3.vgs frå kl.18.00-21.00. Det har vore mykje aktivitet i haust og vinter, og det har også vore litt aukande besøk. Det er i snitt rundt 10-12 barn /ungdom til stades kvar gong.

##### **Kulturskulen**

Bygland kommune har samarbeidsavtale om kulturskule med Evje og Hornnes kommune. Denne avtalen skal reviderast i løpet av våren 2026.

##### *Elevoversikt i kulturskulen:*

Instrument	Trommer	Song	Piano	Gitar	Band	Fele/munnharpe/kveding
Bygland	2 elevar	3 elevar	2 elevar			
Evje og Hornnes		1 elev		2 elevar	1 elev	
Folkemusikk- Unesco/Bygland						10 elevar
<b>Totalt antal elevar pr tilbud</b>	<b>2 elevar</b>	<b>4 elevar</b>	<b>2 elevar</b>	<b>2 elevar</b>	<b>1 elev</b>	<b>10 elevar</b>

Kostnad for samarbeidsavtalen med Evje og Hornnes er 488 000 kr i 2025.

##### **Bibliotek**

Biblioteket har gjennom året gjennomført arrangement for skulane og barnehagane, mellom anna to framsyningar av Dingle som ei kringle ved Karen Moe Henie. Det vart òg arrangert Bokfest for komande førsteklassingar, som i tillegg deltek på månadleg høgtlesing. Biblioteka fungerer som skulebibliotek og skaffar klassesett ved behov.

Besøktala i første halvår var påverka av redusert opningstid. Biblioteklokalet på Byglandsfjord blir aktivt nytta av lokale grupper med faste møtepunkt. Det er ikkje innført meirope-løysingar for biblioteket pr utgang av 2025.

##### *Statistikk for utlån- begge filialane:*

	Totale besøk	Tal besøk i opningstid	Arrangement for skulane	Arrangement for barnehagane	Kulturarrangement
<b>Antal</b>	3215	2918	4	12	1
<b>Antal deltakarar</b>			69	70	7

##### *Aktive låntakarar:*

	0 –13 år	14 – 18 år	19 – 44 år	45 og eldre
Eigen kommune	93	25	27	77
Anna kommune	0	0	0	0

## Oppfølging av handlingsdelen for 2025-2028

Satsingsområde 1 - Eit attraktivt og robust samfunn

Mål: Barn og unge har det bra heime, i barnehagen, på skulen og i fritida

### **Halde fram med overgangsmøte mellom nivåa i grunnskulen**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Sektoren legg vekt på å lage gode overgangar mellom dei ulike fasane i oppvekst. Det er rutine for å gjere overgangen mellom barnehage og skule trygg og god, med jamleg samarbeid og samvær. I tillegg fokuserer ein på både faglege og sosiale overgangar mellom småskule og mellomtrinn, og mellom mellomtrinn og ungdomsskule. Elevane på mellomtrinnet har utveksling mellom skulane kvar veke for å bygge tryggleik og vennskap på tvers av skulane, og å leie fram til eit godt klassemiljø når alle elevane går saman på ungdomsskulen. I tillegg er det samarbeid mellom småskuletrinna på spesial dagar og ved kulturelle framsyningar.

**Kommentar 2025:** Det er arbeid systematisk for å sikre trygge og fagleg gode overgangar mellom barnehage, SFO og skule. I 2025 har skulestartarane delteke i felles aktivitetar med 1. klasse, inkludert temadag, uteskule og symjing, kombinert med ei tidleg og gjennomgåande fadderordning. Det er gjennomført faste overgangsmøte både mellom barnehage og skule og mellom trinna på skulen. Lærarar frå ungdomsskulen har òg undervist i 7. trinn for å styrkje overgangen til ungdomstrinnet. Samarbeidet mellom barnehage, SFO og skule bidreg til samanheng og tryggleik gjennom heile overgangen.

For å sikre eit forsvarleg og likeverdig opplæringstilbod nyttar Byglandsfjord og Bygland skule samdrift gjennom heile året. 7. trinn ved Byglandsfjord skule gjennomfører undervisning ved Bygland skule éin dag i veka for å få tilgang til nødvendige spesialrom og faglege ressursar som ikkje finst lokalt. I periodar der symjehallen er open, deltek òg 5.–6. trinn frå Byglandsfjord i undervisning ved Bygland ein halv dag i veka. Ordninga er avgjerande for å utnytte ressursane på ein effektiv måte og for å oppfylle krava i læreplanen.

### **Framleis ha eit godt samarbeid med KVS mellom anna i tverretatleg team**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Skulen samarbeider med KVS gjennom mellom anna tverretatleg team og andre tverrfaglege grupper.

**Kommentar 2025:** Det var 1 tverretatleg team i 2025.

### **Laget kring barnet**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Barnehage og skule samarbeider om å styrke det systematiske psykososiale arbeidet i samsvar med kapittel 12 i opplæringslova og kapittel 8 i barnehagelova, som skal sikre elevar og barn eit godt og trygt skule- og barnehagemiljø. I tillegg gir det låge elevtalet eit avgrensa sosialt miljø. Sektoren må vere budd på større og samansette utfordringar innan psykiske helse, utanforskap og ufrivillig fråvær i åra som kjem. Skule og barnehagar samarbeider på tvers av faggrupper for å møte dei samansette utfordringane med ei heilskapleg og systematisk tilnærming. Pedagogisk-Psykologisk teneste for Setesdal og skulehelsetenesta er til stade på begge lokasjonar på faste dagar. Velutvikla samarbeid på tvers blir vesentleg for å kunne møte forventningane og oppgåvene som kjem med oppvekstreforma.

**Kommentar 2025:** I 2025 har Bygland kommune arbeid målretta for å vidareutvikle eit heilskapleg og samordna leing av oppvekstsektoren og tilboda til barn og unge. Gjennom deltaking i KS-programmet for implementering av oppvekstreforma har vi styrkt det tverrfaglege samarbeidet mellom barnehage, skule, helse, barnevern og PPT. Arbeidet har gitt ei felles forståing av sentrale omgrep som tidleg innsats, inkludering og universelle tiltak, og vi har vidareutvikla strukturar for

systematisk og koordinert innsats rundt barn og familiar. Arbeidet held fram i 2026 tom 2028 i samarbeid med KS konsulent og oppfølgingsordningen samt Valle og Bykle kommune.

#### **Barnehagemiljø:**

Barnehagane gjennomfører Udir si nasjonale foreldreundersøking kvart år. Barnehagane skårar svært godt og ligg over landsgjennomsnittet når det gjeld tilfredsheit. Resultata frå foreldreundersøkinga vert arbeida med i personalgruppa og i foreldregruppa.

#### **Læringsmiljø:**

Elevundersøkinga viser at elevane i Bygland kommune trivs litt dårlegare på skulen enn landsgjennomsnittet. Dei opplever god støtte frå lærarane sine og frå foreldra. Ungdomsskulen legg for lite opp til praktiske arbeidsmåtar, noko som er likt med landsgjennomsnittet.

Det blir arbeidd systematisk med skulemiljøet, og føresette blir ofte involverte. Bygland skule har følgd opp seks § 12-sakar dette skuleåret- *Skulemiljøet til elevane*. Byglandsfjord skule har følgd opp tre innmeldte § 12-sakar kring skulemiljøet i 2025.

#### **Læringsresultat:**

Resultata frå nasjonale prøver i 2023–2024 og 2024–2025 syner at Bygland kommune over tid har hatt lågare skåre enn både Agder og nasjonalt nivå på 5. trinn, særleg innan lesing, der avstanden til referansenivåa er tydeleg. På 8. trinn ser ein ei positiv utvikling, og i 2024–2025 ligg elevane over både fylkes- og landssnittet i lesing, rekning og engelsk. Likevel peikar resultata samla på utfordringar knytt til tidleg innsats og progresjon i grunnleggjande dugleik på småskulen- og mellomtrinnet. Dette er forhold som kan påverke elevane sitt læringsutbyte, gjennomføring av vidaregåande opplæring og livsmeistring.

På bakgrunn av desse funna er Bygland kommune trekt ut til oppfølging av Statsforvaltaren. Føremålet er å styrkje kommunens arbeid med kvalitetsutvikling og sikre at elevane får eit forsvarleg og likeverdig opplæringstilbod i tråd med opplæringslova. Før-fasen i oppfølgingsarbeidet starta opp i 2025, og arbeidet skal gje kommunen støtte til kartlegging og analyse, planlegging og igangsetting av målretta tiltak innan grunnleggjande dugleik og tidleg innsats. Arbeidet held fram i perioden 2026-2028 og sjåast i samanheng med oppfølginga av heilskapleg leining i heile oppvekstsektoren, der Bygland har eit samarbeid med Valle og Bykle kommune og KS konsulent.

#### **Gjennomføring- fullført og bestått:**

Grunnskulepoenga (standpunkt- og eksamenskarakter) i Bygland viser store svingingar mellom årskulla, men resultatet for 2025 (46,2 poeng) ligg klart over både Agder og nasjonalt nivå. Dette markerer ein sterk framgang frå 2023–24, der snittet fall til 40,8 poeng og låg under referansenivåa. 2025-resultatet peikar på at avgangselevane dette året går ut av grunnskulen med solide faglege føresetnader for vidaregåande opplæring, medan fallet året før understrekar behovet for kontinuerleg merksemd på tidleg innsats og jamn kvalitet i opplæringsløpet. Utviklinga viser at små kull gir naturleg variasjon, men også at målretta arbeid kan gi god utteljing for elevane – i tråd med barnets beste og krava til forsvarleg opplæring.

#### **Fullført vidaregåande skule:**

Fullføring av vidaregåande opplæring er avgjerande for at ungdom skal få dei same moglegheitene vidare i utdanning og arbeidsliv. Målet er at alle elevane i Bygland skal bli kvalifiserte til arbeid, læreplass eller vidare utdanning – og at dei får eit grunnlag for livslang læring.

Studieretning	2016-2022	2017- 2023	2018 - 2024	2019 - 2025
Fullført og bestått vgs	100 %	80%	66,7%	Ikkje off pr dd

#### **Ungt utanforskap:**

NEET er ei internasjonalt mykje brukt forkorting for «not in employment, education or training». NEET-ar er altså personar som verken er i arbeid, under utdanning eller på arbeidsmarknadstiltak, og som kan oppleve utanforskap.

I statistikken blir omgrepet oftast brukt om personar som er mellom 15 og 29 år gamle- unge menneske som ikkje er i, eller på veg mot, arbeid. Denne gruppa blir òg ofte kalla «unge utanfor».

Andelen NEET-ungdom for Bygland kommune var 7,2 % (2024).

### **Skulefrukt**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** *Skulane tilbyr skulefrukt, og har funne ei form på dette som passer inn i skulekvardagen, og som ikkje fører med seg for mykje matsvinn.*

**Kommentar 2025:** Begge skulane tilbyr gratis skulefrukt til alle elevane kvar dag.

Satsingsområde 2 – Eit meir variert næringsliv

Mål: Talet på arbeidsplassar har auka med minimum 60 innan 2030

### **Oppretthalde samarbeid mellom "Ungt entreprenørskap" og skule**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** *Gjennom elevbedrifta Ting og Tang til hage er skulen involvert i «Ungt entreprenørskap». Det er 9. og 10. trinn på Bygland skule som har denne verksemda i valfaget Arbeidslivsfag. I Arbeidslivsfag samarbeider også skulen med lokalt næringsliv, der elevane er utplasserte i ulike lokale bedrifter.*

**Kommentar 2025:** Arbeidslivsfag har utvikla tre ulike eksempelbedrifter i tillegg til elevbedrifta Ting og Tang til hage. Sistnemnde har produsert utemøbel for sal, søppelbu på førespurnad, utebenkar til barnehage og SFO og spilevegg til den nye ungdomsklubben. I tillegg har det vore samarbeid med Bygland barnehage, Byglandsheimen, Frivilligsentralen og BUA, samt Joker Bygland.

### **Samarbeid med lokalt næringsliv gjennom bedriftsbesøk og å invitere næringslivet inn i skulen**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** *Ungdomsskulen samarbeider med lokalt næringsliv i faget Arbeidslivsfag. Sjå også tiltak ovanfor.*

**Kommentar 2025:** Utplassering av elevar i Bygland barnehage, Byglandsheimen, Frivilligsentralen/BUA og Joker Bygland.

Satsingsområde 3 – Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida

Mål: Bygland kommune har god tilgang på rett kompetanse

### **Opne opp for fleire yrkesgrupper inn i oppvekstsektoren**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** *I samsvar med mål om å opne opp for fleire yrkesgrupper i sektoren, er det tilsett vernepleiarar i miljøterapeutstillingar i skulane. Barnehage og skule held fram arbeidet med å sikre overgang mellom barnehage og skule, overgang til mellomtrinn, og til ungdomsskulen. I tillegg til rutinefesta overgangsmøte, kan det vere nødvendig med hospitering og spesifikke bli-kjent-aktivitetar for barn som er sårbare eller treng det av ulike grunnar.*

**Kommentar 2025:** Miljøterapeutane på kvar skule koordinerer det førebyggjande arbeidet med trygt og godt skulemiljø gjennom miljøteamet. Miljøteamet har ansvar for oppfølging av bekymring kring eleven sitt lærings/skulemiljø for elevar og for å iverksetje aktivitetsplan i saker det er behov for tiltak. Aktivitetsplanen skal ha tiltak på individ og gruppenivå for å sikre at eleven/elevane igjen kan innhente eit trygt og godt skulemiljø.

Mål: Bygland kommune skal vere ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar

### **Prosjekt oppvekst**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Oppvekstsektoren held fram med å omorganisere seg for å vere sosialt, fagleg og økonomisk berekraftig. Det er sett ned ei arbeidsgruppe der begge skulane og barnehagane samt fagforeninga er representerte, slik at ein kan evaluere dei organisatoriske løysingane ein har prøvd ut til no. For skule- og barnehageåret 2023-2024 har oppvekstsentera framleis felles leiar og felles merkantilressurs, og assisterande tenesteleiar på kvar eining. Omorganisering er ressurskrevjande medan det pågår, men ein har von om å rasjonalisere noko når ny organisasjon er sett. Ein held fram med å samkøyre sektoren mot felles retning, med felles rutinar og praksis, å dra nytte av kompetanse og ressursar på tvers, og med å fordele merkantile og pedagogiske arbeidsoppgåver på ein føremålstenleg måte. I arbeidet med å bygge ein einskapleg sektor og styrke samarbeidskulturen, samlar oppvekstsentera seg om felles prosjekt, koordinerer møteverksemd og har felles kompetanseheving. Ein nyttar ressursar på å møtast for å utvikle sektoren saman. I tillegg til digitale samarbeid, har skulane samarbeid med månadlege fagdagar der dei besøker kvarandre eller reiser på felles ekskursjonar. Dette er ein del av det førebyggjande psykososiale arbeidet, og eit tiltak å bygge fellesskap blant barna i kommunen, i tillegg til at ein søker å utvide fagmiljøet til elevvar og tilsette. Dette fører med seg kostnader.

Det er til skule- og barnehageåret 2024-2025 gjennomført ein betydeleg styrking i sektoren. Dei fire einingane har fått kvar sin stadlege leiar, desse starta i faste stillingar frå august 2024. Begge rektorar deltar på rektorskulen, som er eit nasjonalt utdanningsprogram for skuleleiar. Styrarane i dei to barnehagane har full stilling, men bruker deler av denne i avdeling som vikar. Dette i tillegg til god bemanning etter tilsetningsrunden i alle einingar gjer at ein har fokus på å nytte eigne ressursar ved fråvær i personalgruppa. Ein må også tenke ressursar på tvers av einingane der det let seg gjere.

**Kommentar 2025:** Oppvekstsektoren har i 2025 halde fram omorganiseringa for å styrkje sosial, fagleg og økonomisk berekraft. Ei breitt samansett arbeidsgruppe har evaluert eksisterande løysingar, og sjølv om prosessen er ressurskrevjande, ventar ein meir føremålstenleg drift og betre ressursutnytting når ny organisasjon no er på plass. Parallelt er det gjennomført eit utviklingsarbeid for å etablere meir heilskapleg leiing i heile oppvekstsektoren i samarbeid med KS Konsulent. Dette omfattar styrking av leiarkapasitet i barnehage, skule og helse, tydelegare styringslinjer og betre samhandling på tvers av einingar, slik at sektoren står betre rusta til vidare kvalitetsutvikling for auka livsmeistring hjå barn og unge i Bygland.

### **Implementering av nye læreplanar**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Skulane held framleis på å implementere læreplanane frå 2020 (LK2020). Den siste fagplanen blei innført i 2022-2023. Å legge om praksisen etter nye læreplanar krev at ein investerer i kompetanseheving og nye læremiddel. For å møte læreplanane sine tilnærmingar til tverrfagleg undervisning, og forventningane til skulane som lærande fellesskap, har ein i tillegg omorganisert arbeidsgruppene og arbeidsfasilitetane til personalet.

**Kommentar 2025:** Arbeid med forståing av LK20- læreplanen må sjåast i samaneheng med arbeidet i oppfølgingsordninga-Statsforvaltaren. Bygland kommune gjennomførte kartlegging av resultat, praksis og systemretta arbeid førfasen saman med Statsforvaltaren, og vil vidare føre arbeidet med å styrke elevane sine grunnleggjand ferdigheiter i lesing og rekning i 2026-2028.

### **Digital infrastruktur**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Oppvekstsektoren har gjort store framsteg når det gjeld digitale ferdigheiter, og har fått god røynsle med ulike digitale pedagogiske verktøy og plattformer for samhandling og læring. Samstundes har det ikkje vore nokon overordna strategi for den digitale satsinga. Det er store etterslep når det gjeld infrastruktur og utstyr. Samarbeidet med IKT Agder set også krav til kva for standard den digitale infrastrukturen og utstyret skal halde. Føringer i læreplan og gjeldande pedagogisk tenking føreset utstrekt bruk av digitale verktøy med tilhøyrande stabil tilkopling til nett i

alle rom. Velfungerande digital infrastruktur er også sentralt for legge til rette for digitale samarbeid på tvers av oppvekstsentera og utover kommunegrensene, for både tilsette og elevar.

**Kommentar 2025:** Ingen særskild oppfølging eller prioritering i 2025.

### **Kompetanseheving i skule og barnehage**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Både skule og barnehage er involvert i kompetansehevande samarbeid. Desentralisert kompetanseheving (DEKOM) i skulen blir gjennomført i samarbeid med Evje og Hornnes, Åseral og Universitetet i Agder. Tema er dysleksivennleg undervisning, og involverer både lærarar og fagarbeidarar. Kompetansehevinga kan munne ut i sertifisering som Dysleksivennleg skule. Barnehagane har også felles regional kompetanseheving (REKOM) i lag med Evje- og Hornnes, Åseral og Universitetet i Agder, med temaet Tidlig innsats – forebygging av omsorgssvikt og atferdsvansker. Arbeidet omfattar pedagogiske leiarar og fagarbeidarar/ assistentar. Kompetansehevinga er i samsvar med barnehagen sin kompetansehevingsplan, og svarer til utfordringsbiletet i kommunen.

Det er også innleia samarbeid med Agder fylkeskommune om helsefremjande skuler og barnehagar. Satsinga skal konkretiserast og starte opp i løpet av inneværenda skuleår.

**Kommentar 2025:**

### **Etter og vidareutdanning – alle einingane**

<b>Eining</b>	<b>Vidareutdanning- Kompetanse for kvalitet- antal 2025/2026</b>	<b>Fag</b>	<b>Kollektiv kompetanseutvikling- heile personalet</b>
Bygland Barnehage			Tidleg innsats og førebygging
Byglandsfjord barnehage			Tidleg innsats og førebygging
Bygland skule	<b>2024/2025</b> 2 pedagogar  <b>2025/2026</b> 2 pedagogar	Tradisjonshandverk, Karriererettleiing/ folkehelsearbeid  Kunst- og handverk Naturfag	Dysleksivennleg undervisning – ferdige november 2025
Byglandsfjord skule	2025/2026 1 pedagog	Kroppsøving 1	Dysleksivennleg undervisning – ferdige november 2025

## 5 Kommunalområde: Helse og omsorg

Satsingsområde 1 - Eit attraktivt og robust samfunn

Mål: I Bygland er alle trygge og inkludert i samfunnet

### **Førebyggjande helsebesøk**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Ein vil i løpet av 2025 tilby førebyggjande helsebesøk til alle over 75 år som ikkje mottok kommunale tenester frå før.

**Kommentar 2025:** Ein starta dette arbeidet, men grunna knappe ressursar har ein ikkje hatt moglegheit til å nå alle. Undervegs har ein sett at det var hensiktsmessig å endre målgruppa til 80+ år. Responsten på heimebesøka har så langt vore positiv.

### **Styrke samarbeidet med frivillige og pårørande for å sikre ein trygg alderdom**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Vi har eit tverrfagleg inntaksteam som arbeider etter BEON (Beste Effektive Omsorgsnivå) prinsippet som skal gjenspeile «omsorgstrappa» i Bygland. Vi har eit ynskje om å styrke samarbeidet med frivillige og pårørande frametter. Dette er i tråd med sentrale anbefalingar.

Regjeringa presenterte ei ny «eldrereform» i 2023. Tittelen på den er «Bo trygt hjemme». Planperioden på reforma er frå 2024 til 2028. Reforma har 4 satsingsområde:

- Levande lokalsamfunn som ivaretek aktivitet og fellesskap
- Tilpassa bustadtilhøve og moglighet for å bu trygt i eigen heim lengre
- Kompetente tilsette
- Tryggleik for brukarar og støtte til pårørande

Det vil vere naudsynt å arbeide tverrsektorielt i kommunen for å oppnå måla med reforma.

**Kommentar 2025:** Ein har eit godt samarbeid med frivilligsentralen mellom anna når det gjeld matombringning og besøksteneste. Ein må arbeide vidare med å finne område der ein kan styrkje dette samarbeidet vidare for å møte dei demografiske utfordringane ein står ovanfor. LMT Setesdal har gjennomført pårørendeskule for personar med demens. Det har vore jamnlege samtalar med pårørande for å sikre eit best mogleg samarbeid. Eit ynskje framover er å gjennomføre ei pårørandeundersøking.

Satsingsområde 3 – Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida

Mål: Bygland kommune har god tilgang på rett kompetanse

### **Deltaking i regionale fagnettverk innan helse og omsorg**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Ein er representert i ulike fagnettverk. Her kan nemnast regionalt helsenettverk der ein samarbeider om ulike utfordringar knytt til regionen vår. Nettverk i forhold til digital utvikling og velferdsteknologi samt regionalt og nasjonalt nettverk for aldersvennlege lokalsamfunn.

**Kommentar 2025:** Eininga har vore representert i fleire ulike nettverk i løpet av året. IKT Agder har frikjøpt ein medarbeidar til å delta i prosjektgruppa som arbeider med nytt elektronisk pasientjournalssystem.

### **Redusere sjukefråværet innan helse og omsorg**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Eininga har over fleire år hatt eit sjukefråvær som har vore høgt. Ein har inngått eit samarbeid med NAV sitt arbeidslivssenter der ein vil utforske ulike metodar for å få bukt med det høge fråværet. Samarbeidsutvalet i eininga vil vere sentrale i dette arbeidet. Dette arbeidet har vi eit konstant fokus på.

**Kommentar 2025:** Ein har hatt sjukefråvær som eit fast tema på møta i samarbeidsutvalet og i leiarmøta. Avdelingsleiarane har arbeidd godt med oppfølging av sjukemelde arbeidstakarar. Ein har greidd å få det totale sjukefråværet noko ned, frå 12,36% i 2024, til 9,23% i 2025.

Mål: Bygland kommune skal vere ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar

### **Styrka samarbeid på tvers av kommunalområda og interkommunalt**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Kommunalområde helse og omsorg vil bidra til å styrkje samarbeidet på tvers av kommunalområda for mellom anna å gje eit betre og meir heilskapleg tilbod til born, unge og familiar som treng det. Ein vil bidra til å utvikle nye samarbeid på tvers av kommunegrensar dersom dette gagnar kommunen sine innbyggjarar.

**Kommentar 2025:** Det har vore regelmessige dialogmøter med Evje og Hornnes kommune som er vertskommune for legetenesta der ein har løyst ulike problemstillingar undervegs. Helse og omsorg og oppvekst har hatt representantar inn i prosjektgruppe saman med Bykle og Valle kommunar. Gruppa har levert ein rapport som heiter «Vidare arbeid med oppvekstreforma» -organisering og samarbeid på tvers av kommunane Bykle, Valle og Bygland.

### **Utnytte velferdsteknologien**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Fortsetje utviklinga innan velferdsteknologi med mål om at brukarane skal oppleve tryggleik og saumlause tenester ved å nytte teknologi i eigen heim og på institusjon. I tillegg at tilsette er utrusta med verktøy som set dei i stand til å levere saumlause tenester og som bidreg til ein meir effektiv arbeidskvardag.

#### **Kommentar 2025:**

I 2025 har Bygland kommune vidareutvikla arbeidet med velferdsteknologi for å styrkje tryggleiken og sikre sømlause tenester for brukarane. Vi har teke i bruk nye 5G-baserte tryggleiksalarmar som er kopla til kommunalt responscenter, noko som gir raskare og meir påliteleg respons ved behov for hjelp. Løysinga bidreg òg til ein meir effektiv arbeidskvardag for tilsette, som no har betre verktøy for å levere trygge og heilskapelege tenester både i heimetenesta og på institusjon.

### **Tilpasse tenestene innan helse og omsorg til brukarbehova**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** I 2024 gjennomførte konsulentselskapet PwC eit større kartleggingsarbeid av kommunalområdet helse og omsorg. Målet var ein gjennomgang av tenestene for å sjå på tilpassing av tenestene til brukarbehova som kjem frametter, hensiktsmessig organisering og forslag til effektivisering av prosessar. I tillegg såg ein på hensiktsmessig lokalisering og dimensjonering av tenestene. PwC leverte ein grundig sluttrapport med ein del forslag til forbetringstiltak. Kommunalområdet vil i 2025 arbeide med fleire av dei tiltaka som vert anbefala i rapporten.

**Kommentar 2025:** Ein har sett i gong arbeid på fleire av områda som vert omtale i rapporten. Her kan nemnast gjennomgang av vedtak, styrking av sakshandsamarkompetansen, forsøk med langvakter og utvikling av velferdsteknologi.

## 6 Kommunalområde: Samfunn

Satsingsområde 1 – Eit attraktivt og robust samfunn

Mål: I Bygland har alle ein trygg og god bustad

### **Reguleringsplan Byglandsfjord sentrum**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Revidering av gjeldande reguleringsplanar vil ha fokus på område som treng forsterking og forbetring og på manglar i føresegnene.

**Kommentar 2025:** Gjeldande reguleringsplanen på Byglandsfjord er frå 1990-talet og har klare manglar i føresegnene. Særskild gjeld det graden av utnytting av eigendomane. Det fører bla til mange unødige kompliserte byggesaker. Arbeidet med ny reguleringsplan er starta opp i samarbeid med konsulent fra Henning Larsen.

Mål: I Bygland er alle trygg og inkludert i samfunnet

### **Utbygging av gateljos med fokus på behov avdekt i Barnetråkk-undersøkinga (2026)**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Trygge nærmiljøa for barn og unge. Undersøkinga Barnetråkk avdekte ønske om fleire gateljos.

### **Revidere trafikksikringsplan (2026)**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Viktig opp mot samarbeidet med Agder fylkeskommune og Statens vegvesen.

### **Reguleringsplan Bygland sentrum (2026-2027)**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Revidering av gjeldande reguleringsplanar skal legge til rette for betre sentrums kvalitetar og trafikktryggleik. Arbeidet blir sett i samanheng med utviklinga på Presteneset. Planarbeidet blir sett i gang når ein er ferdig med reguleringsplanen for Byglandsfjord.

### **Leggje til rette for formidling av lokal kulturarv**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** UNESCO-satsinga er prioritert med kr 391.000 i åra 2025-2028 til interkommunal stilling innanfor dette fagfeltet.

**Kommentar 2025:** Sjå eiga årsmelding for denne satsinga.

### **Utarbeide plan for kommunale vegar og infrastruktur (2027)**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Kommunen har eit stort vedlikehaldsetterslep på kommunale vegar. Det er heilt nødvendig å få ein god oversikt over dagens situasjon samt legge ein plan for kostnader og ressursbruk/behov framover.

### **Etablering av turveg på Byglandsfjord**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Etablere turveg i nærområdet på Byglandsfjord.

**Kommentar 2025:** Sjå kommentar under investeringsprosjekta (kapittel 5.1).

### **Arbeide for etablering av g/s-veg langs rv9**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** I alt planarbeid langs rv9 skal etablering av g/s-veg vere tema.

**Kommentar 2025:** Det er oppretta dialogmøte frå 2026 med Statens vegvesen kor mellom anna dette kan vere tema.

Satsingsområde 2 – Eit meir variert næringsliv

Mål: Talet på arbeidsplassar har auka med minimum 60 innan 2030

#### **Utvikle Presteneset**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Stad- og næringsutvikling med utgangspunkt i gjeldande reguleringsplan og moglegheitsstudien. Moglegheitsstudien legg opp til endra arealbruk, så det kan bli behov for revidering av gjeldande reguleringsplan.

**Kommentar 2025:** Det er eit stort lokalt engasjement om bruken av Presteneset/Tangen. Det vere seg bubilcamp, plassering av statuen om Bjørgulv og stuten eller bygging av nye bustader. Ein treng difor å få på plass ein oppdatert reguleringsplan som sikrar forutsigbare løysingar for nye tiltak, og ikkje minst treng ein medverknad frå innbyggjarane.

#### **Leggje til rette for nye, regulerte og ferdig opparbeidde industriområde**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Forslag til ny arealdel inneheld nye næringsområde. Revidering av reguleringsplan for Nesmoen og klargjering av infrastruktur og byggeklare tomter.

**Kommentar 2025:** Bygland kommune har ein gamal reguleringsplan for Nesmoen som er laga på -90 talet. Område treng detaljregulering for å legge til rette for god utvikling av heile området

#### **Utvikle Ose som senter for kulturformidling**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Vi skal saman med lokale eldsjeler, verkemiddelapparatet og næringsliv utvikle og styrke Ose som kulturformidlar. Etablering av brygge til Bjoren.

**Kommentar 2025:** I 2025 har vi gjort utbetringar av brannvarslingsanlegg på Ose Turistheim, hatt full sommar drift og samtidig fått avtale med Agder fylkeskommune om støtte til utbetring av tak på Turistheimen. Anbudspapira blei sendt ut seinhaustes -25.

#### **Synleggjere og utvikle stasjonsområdet på Byglandsfjord**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Vi skal saman med private aktørar og frivilligheita skape ein møteplass og eit stopp-punkt for besøkjande. Formidling av samferdslehistoria.

**Kommentar 2025:** Det er fleire lag og foreiningar som er aktive på stasjonsområdet og samarbeidet fungerer godt.

#### **Revidere reguleringsplan for Nesmoen**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Planen er av eldre dato og gir dårlege rammer for utvikling av industriområdet. Nesmoen er eit sentralt område for tilrettelegging for byggeklare næringsstomter.

**Kommentar 2025:** Sjå kommentar over om regulering av industriområde.

### **Merke kulturhistoriske bygg og lokalitetar**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Vi skal saman med kulturformidlarar, Agder fylkeskommune og historieforteljarar presentere bygningar og lokalitetar si kulturhistorie.

**Kommentar 2025:** Dette er eit arbeid som er godt i gang.

- Setesdalsmuseet: samarbeider om Bygland tun (museet), Bjoren og samferdselshistoria, husmannsplassen Hagen mm
- Agder Fylkeskommune: Stasjonsområdet, Ose turistheim, Husmannsplassen Hagen mm
- Statens vegmuseum: Storestraumen sluser

Satsingsområde 3 – Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida

Mål: Bygland kommune skal vere ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar

### **Sal av kommunale bygg**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Kommunen har ei stor bygningsmasse som er kostbar å vedlikehalde. Ein bør derfor ha som mål å redusere talet på kommunale bygg mest mogleg.

**Kommentar 2025:** Dette er eit prosjekt som er sett i gang i 25 og vil halde fram.

### **Sikre god vasskvalitet i heile kommunen**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Med dagens løysingar er det utfordrande for kommunen med å levere trygt drikkevatt til abonnentane.

**Kommentar 2025:** Hovudplan for VA peiker i retning av at Bygland Kommune bør vurdere og borre etter vatn for å trygge vassforsyninga. Dagens ordning er sårbar sidan Byglandsfjorden er ei open kjelde. Prosjektering er iverksett.

### **Oppgradering av infrastruktur for avløp- og overvatn**

**Tekst henta frå handlingsdelen for 2025-2028:** Med dagens infrastruktur er det utfordrande for kommunen å ta unna for ekstremvær. Det er manglande infrastruktur for overvatn i enkelte område.

**Kommentar 2025:** Spesielt er Byglandsfjord utsett og prosjektering er iverksett.